



Møre og Romsdal
fylkeskommune

KUNNSKAPSGRUNNLAG TIL Regional planstrategi og Fylkesplan 2025 – 2028 Møre og Romsdal

Innhaldsliste

INNLEIING OG BAKGRUNN	4
Trendar, overordna utviklingstrekk og planarbeid	4
FN sine berekraftmål, samanhengar, målkonfliktar og positive trekk	6
SAMARBEID	7
1. Samarbeid for å nå måla	7
Samansette samfunnsutfordringar	7
Samarbeid må bli opplevd som nyttig	8
Innkjøpa må bli meir innovative for å nå berekraftsmåla	9
Globale utfordringar krev internasjonalt samarbeid	10
MILJØDIMENSJON	11
2. Miljø, klima og energi	11
Arealforvalting og naturressursar under press	11
Truga naturmangfald og sårbare økosystem	12
For lite kunnskap om vassførekomstane	13
Endra klima – stort behov for klimatilpassing	13
Store utslepp, stor ressursbruk og høgt energibehov knytt til bygg og infrastruktur	14
Store klima- og miljøutfordringar knytt til transport	15
Mangler i det sirkulær kretsløpet	16
Store utslepp frå matproduksjon og konsum	17
Stor auke i behovet for energi og nettkapasitet	18
Reduksjonen i klimagassutsleppa går for sakte	21
SOSIAL DIMENSJON	24
3. Demografisk utvikling og sentralisering	24
Svakare folketalsvekst enn landsgjennomsnittet	24
Fleire eldre, færre barn og unge	26
Folketalsprognosane blir stadig nedjustert	26
Færre yrkesaktive og fleire pensjonistar	27
Innanlandsk flyttetap, men innvandring gir folketalsvekst	29

4. Kompetanse og utdanning	31
Mangel på kompetanse og arbeidskraft	31
Fleire må gjennomføre vidaregåande opplæring	32
Vanskeleg å dimensjonere fag og yrkesopplæring	32
5. Ulikheter og utanforskap	33
Stor sosial ulikskap i helse	33
Ungdom utanfor jobb, utdanning og samfunnsliv	34
Fleire vil trenge universelt utforma løysingar	36
Framleis utfordringar for kjønnslikestillinga	37
Integrering krev meir felles innsats	38
Ungdom uroa over rusbruk	39
Nye bustadbehov	40
6. By- og tettstadutvikling	41
Vanskeleg å lokalisere «riktig» i byar og tettstader	41
Dårlege fysiske omgjevnadar er lite attraktivt	42
Klimatilpassing heilt nødvendig i by og tettstad	43
Handel er ein avgrensa ressurs	43
Dårlege kår for mjuke trafikantar	44
7. Kultur, idrett og frivillig innsats	45
Mindre bruk av kulturtilbodet enn før	45
Låg del profesjonelle kunstnarar i fylket	46
Kultur- og naturarv under press	47
For lite fysisk aktivitet	48
Ulik tilgang på bibliotektilbod	49
Frivillig sektor mista mange under pandemien	50
8. Demokrati og medverknad	52
Kvinner, unge og eldre er underrepresentert i kommunestyra	52
Låg valdeltaking blant unge menn	52
Svært varierande rammevilkår for kommunale medverknadsorgan	53
Hets og truslar mot folkevalde utfordrar demokratiet	54
Lågare tillit til demokratiske institusjonar	55
Elev/lærlingar ønsker å medverke i større grad	56

9. Tannhelse	57
Auke i tal eldre som treng omfattande behandling	57
Behov for betre førebygging og samhandling	58
Kamp om tannhelsepersonell	59
ØKONOMISK DIMENSJON	60
10. Verdiskaping, innovasjon og teknologi	60
Utfordringar for dei dominerande næringane	60
Behov for betre vilkår for entreprenørskap	61
Vi treng meir kunnskap og innovasjon	62
Konkurransekraft med berekraftige løysingar	63
Investeringar i teknologiutvikling og digitalisering må aukast	64
Eksporten treng gode internasjonale nettverk	64
Fylket treng auka tilgang til energi	65
Seriøsiteten i arbeidslivet blir utfordra	66
11. Mobilitet	68
Stort forfall på veginfrastrukturen	68
Kollektivtransporten taper mot privatbilen	69
For lite gods går på sjø og bane	70
Færre trafikkulykker - men trenden flatar ut	70
Transportteknologi er nødvendig, men kostbart	72
KUNNSKAPSGRUNNLAGET	73

INNLEIING OG BAKGRUNN

Trendar, overordna utviklingstrekk og planarbeid

Verda er inne i ei brytingstid. Ikkje sidan 2. verdskrig har det vore så store endringar, så stor usikkerheit, men og så mange moglegheiter. Dette dokumentet tar i første rekke for seg utfordringane vi møter i eige fylke, men dette heng tett saman med det store europeiske og globale utfordringsbiletet. Dokumentet er eit grunnlag for politikarar og andre som skal ta viktige avgjerder dei neste fire åra knytt til lokale og regionale utfordringar. Det er også eit grunnlag for ny Regional planstrategi (RPS) og ny Fylkesplan. Plan og bygningsloven pålegg fylkeskommunen å utarbeide RPS kvart fjerde år i samarbeid med kommunar, regionale statsetatar og frivilligheita.

Heile den geopolitiske situasjonen er endra; med Russlands angrep i Ukraina, no under krigen, og i lang tid framover. Noreg skal leve med eit aggressivt naboland, i ein situasjon der det går føre seg ein kamp om geografisk og teknologisk verdshegemoni mellom Russland, USA og Kina. Taiwan/Chinese Taipei er ein nøkkel, mellom anna som verdas største produsent av avanserte databrikker. Krigen påverkar norsk økonomi, forsyningstryggleik, sikkerheitssituasjon og demokrati. Norsk forsvarsbudsjett auka med 6,7 mrd kr eller nær 10 prosent frå 2022 til 2023 med bakgrunn i ein ny geopolitisk verkelegheit.

Demokratiet er under press; både ute og her heime. Det internasjonale forskingsprosjektet Regimes of the world held oversikt over land som er demokratiske og land som ikkje er det. Ei oversikt frå 2022 viser at 29 prosent av alle menneske bor i demokrati, mens 71 prosent bor i ulike typar autokrati. Delen som bor i autokrati er den største på over tre tiår. Les meir om demokratiutviklinga i kap. 8.

Teknologiutviklinga går i eit ubegripeleg høgt tempo. Den digitale teknologien med algoritmar, dyp maskinlæring og AI – eller kunstig intelligens (KI), har tatt nye store steg dei siste åra, sjølv om spirene til det kom allereie på 50-talet. Teknologien løyser oppgåver fortare enn menneske, og oppgåver som menneska ikkje kan klare å løyse. Men Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

det er viktig å hugse at maskinene arbeider på bestilling frå menneskeleg vilje. I denne teknologien ligg det uendelige moglegheiter innanfor nesten alle samfunnsområde, men også store trugslar. Chatboten chatGPT er eitt eksempel. Ei stor utfordring framover blir å kome fram til god samfunnstryggleik, og god regulering og styring av teknologien på alle nivå. Sjå meir i kap. 10 og 11.

Det er venta store endringar i befolkningssamansettin, og dette gjeld både for Møre og Romsdal, resten av landet, og Europa. Det blir fleire eldre og færre barn og unge. Dette inneber også færre yrkesaktive og fleire pensjonistar. Det er allereie mangel på arbeidskraft og kompetanse. Planlegginga framover kan komme til å dreie seg om nedvekst og ikkje vekst. Men Noreg og Møre og Romsdal hadde befolkningsauke i 2022 som følgje av krigen i Ukraina. Kva for innvandring vi kan forventa det neste tiåret er heilt umogleg å spå, i ein situasjon med klimakrise, pandemi og geopolitisk ustabilitet. Les meir i kap. 3.

Klima- og miljøutfordringane blir stadig større mellom anna fordi vi ikkje klarer å snu samfunnsutviklinga raskt nok til å oppnå klimamåla og hindre tap av artsmangfald og naturtypar. FN sin sjette og nyaste klimarapport AR6 Synthesis Report Climate Change 2023, slår fast at vi berre har sju år på å avgrense oppvarminga til 1,5 gradersmålet. Då må klimagassutsleppa bli kutta med mellom 30 og 55 prosent. Og klimaendringane er her allereie, i Noreg i form av færre snø og vinterdagar, meir regn og flaum. Les meir i kap. 2.

Økonomiske utsikter: Etterkrigstidas Noreg er eit rikt velferdssamfunn bygd på industri og olje. FN sin generalsekretær António Guterres uttalte nettopp at vi må slutte med all olje- og gassleiting og nye prosjekt for å nå klimamåla i Parisavtalen. Dette er eit kontroversielt standpunkt i Noreg med stor olje- og gassaktivitet både i tal arbeidsplassar og i inntekter på statsbudsjettet. Men det er semje om at oljeaktiviteten er over middagshögda, og at dette saman med lågare skatteinntekter, større «forsørjarbyrde» i samfunnet, og endra internasjonale forhold, gir svært usikker, men strammare økonomi i tiåra framover.

FN sine berekraftmål, samanhengar, målkonfliktar og positive trekk

FNs berekraftmål skal leggast til grunn for all offentleg verksemd i Noreg. Det er ei klar forventning frå sentrale styresmakter. Det er 17 mål totalt, dei omfattar nesten alle samfunnsområde, og alle måla er svært viktige om vi skal kunne oppnå både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Om ein gjer noko for å oppnå eitt mål, kan det ha positive eller også negative følgjer for andre mål. Desse målkonfliktane må bli løfta opp, og udelelegheitsprinsippet må bli lagt til grunn. Ein må jobbe med alle måla og balansere dei for å få ønska berekraftig resultat.

Dette kunnskapsgrunnlaget legg alle 17 berekraftmåla til grunn, og er organisert etter dei tre berekraftdimensjonane, og med samarbeid som eige målområde. Heile utfordringsbiletet, og målkonfliktane, gir ein kompleks situasjon og mange dilemma. Det er derfor lagt inn refleksjonsspørsmål i dokumentet som grunnlag for drøftingar, samarbeid og vidare planarbeidet.

I utfordringane ligg og moglegheitene. I dette kunnskapsgrunnlaget har vi valt å fokusere på utfordringane for å ikkje lage dokumentet for langt, og fordi det er utfordringane vi skal gjere noko med gjennom planarbeid. Men utfordringsbiletet er krevande, og det er lett å svartmale. Derfor er det svært viktig å få med alle positive trekk i det vidare planarbeidet, og i utfordringane ligg også moglegheitene. I Møre og Romsdal har vi god tradisjon for å klare å omstille oss, dette blir ei evne som blir enno viktigare framover. Og dette må vi gjere saman. Fylkeskommunen si rolle som samordnar får auka betydning.

SAMARBEID



1. Samarbeid for å nå måla

Samansette samfunnsutfordringar

Vi står overfor komplekse og sektorovergripande samfunnsutfordringar. Vi må møte langsigtige utfordringar innan demografi, klima, miljø og energi, samtidig med utfordringar som følgje av pandemi og krig i Europa. Nokre eksempel:

- Demografiendringar og tenestetilbod – velferdsstaten slik vi kjennar den er trua.
- Utanforskap frå utdanning, arbeids- og samfunnsliv samtidig med eit auka kompetanse- og arbeidskraftsbehov.
- Klima-, miljø- og energikrise. Vi har eit kort handlingsrom for å sikre ei leveleg og berekraftig framtid for alle. Vi må løyse både klima- og naturkrisa og samtidig ivareta FN sine 17 berekraftsmål – mål som også kan motarbeide kvarandre.

Sektorisering og mangel på tverrsektorielt samarbeid er blant grunnane til at vi ikkje har lukkast. Ei manglande vilje og evne til å adressere dei samansette samfunnsutfordringane har satt oss i ein situasjon kor dei store og vanskelege vala framleis står framfor oss. Om vi skal klare å svare på dei utfordringane må vi gjere tøffe prioriteringar og få til breitt samarbeid. Kunnskapsgrunnlag kan bidra til ei felles verkelegheitsforståing og bevare tilliten – essensielt for samfunnsutvikling for å bevare velferdsmodellen. Moglegheitene er gode for at vi skal greie omstillingane med ei berekraftig samfunnsutvikling, men da må vi gjere kloke prioriteringar no.

Lenker til meir kunnskap:

[Utdringsbilde sett frå Møre og Romsdal: Debathefte 2023 I og II, vedtak fylkesmøtet](#)

[Møre og Romsdal](#)

[KS Status Kommune 2023](#)

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

- Korleis sette beslutningstakarar/politikarar i stand til å gjere vanskelege prioriteringar?
- Kor finn vi balansepunkt mellom forventinga til tenestetilbod og mogleg tenesteleveranse?

Samarbeid må bli opplevd som nyttig

For å lykkast med berekraftig samfunnsutvikling trengs samarbeid og nye og sterke partnarskap, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Utfordringa i eit kvart tverrsektorielt samarbeid i offentleg sektor er manglande styringslinje, og kor effektivt og meiningsfullt samarbeidet er, vil vere avhengig av den opplevde nytten av samarbeidet. Vi manglar gode måleindikatorar for effekten av samarbeid, og ressursar dreiest ofte mot det ein målast på. Når morgondagen tek ressursane er det krevjande å etablere breie offentlege samarbeid for å møte utfordringane. Det trengst ein samlande samfunnsutviklar som koplar saman aktørar og byggar felles mål, mobiliserer kunnskap og ressursar til handling og leiar samarbeid gjennom langsigtt arbeid. Eit eksempel på fylkesdekkande samarbeid som kan vere bidragsytar for auka samarbeid er programmet Møre og Romsdal 2025 (MR2025). MR2025 arrangerer møteplassar som grunnlag for samarbeid, og fasiliterer fellessatsingar på utfordringar som er for komplekse til at kvar enkelt aktør kan løyse dei aleine m.a. Berekraftsfylket, Digi Møre og Romsdal og utanforskarp.

Lenker til meir kunnskap:

[Programmet Møre og Romsdal 2025](#)

[Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#)

[Digi Møre og Romsdal](#)

[Møre og Romsdal 2025 har styrka samarbeidet i fylket](#)

[KS Partnarskap for radikal innovasjon](#)

[Bærekraftsnettverket](#)

[Mot betre samarbeid?](#)

- Korleis kan ein måle effekten av samarbeid?
- Kva samarbeid treng vi for å lykkast?

Innkjøpa må bli meir innovative for å nå berekraftsmåla

For å møte utfordringane knytt til demografi, mangel på arbeidskraft og klima og miljø i regionen, er det naudsynt å sjå etter nye løysingar. Samarbeid med privat sektor vil gi tilgang til ressursar, ekspertise og teknologi som kan bidra til å finne nye og innovative løysingar på ulike utfordringar. Dette kan også styrke lokale leverandørar og dermed skape auka verdiskaping i regionen som igjen bidreg til å skape nye arbeidsplassar i regionen.

Fylkeskommunen finansierer ei stilling i Framtidslabben for å styrke fokuset på innovative innkjøp i kommunane. Ei heilskapleg tilnærming til innovative innkjøp og -innkjøpsprosessar og kopling mot berekraftsatsinga kan ha stor innverknad for utviklinga i kommunal sektor og for utviklinga i regionen.

Ein strategi for innovative innkjøp i regionen kan vere ei langsiktig investering for å møte utfordringane på ein berekraftig måte, styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor og skape verdi for samfunnet.

Lenker til meir kunnskap:

<https://anskaffelser.no/innovative-anskaffelser-hovedside>

<https://innovativeanskaffelser.no/om-oss/>

[Innovative anskaffelser - KS](#)

- Korleis kan innovative innkjøp bidra til å skape auka verdiskaping i regionen?
- Kva er barrierane for å få til ein strategi for innovative innkjøp i regionen, og korleis kan ein handtere desse?

Globale utfordringar krev internasjonalt samarbeid

Vi treng felles innsats og utvikling for å finne løysingar på ei rekke globale utfordringar. Internasjonalt samarbeid blir stadig viktigare også fordi store delar av Norge sine verkemiddel for utvikling blir kanalisiert gjennom EU-programma. Aktørar i fylket må derfor konkurrere om EU-midlane for å halde seg konkurransedyktige.

Politikken og lovgivinga som blir utforma i EU er også ein stor del av dei rettslege og politiske rammevilkåra til våre folkevalde organ. Halvparten av sakene i norske kommunestyre og fylkesting er påverka av regelverk frå EU/EØS. Politikken i EU og andre internasjonale organisasjonar er også del av rammevilkåra til næringslivet vårt. For eksempel vil det vere avgjerande å ta inn over seg nye regelverk og satsingar knytt til EUs *Nye grøne giv* for å halde seg konkurransedyktige i den europeiske marknaden.

Fordi internasjonale samarbeid blir viktigare må ein også mobilisere breiare gjennom deltaking i internasjonale prosjekt og samarbeid. Dette inneber å mobilisere nye aktørar til å delta på prosjekt, og at dette blir ein heilt naturleg del av utviklinga i fylket, både hos offentlege og private verksemder.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for internasjonalt arbeid \(2022-2027\)](#)

[Strategi for norsk deltaking i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet \(2021-2027\)](#)

[Strategi for norsk deltaking i Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet \(2021-2027\)](#)

- Korleis kan internasjonale samarbeid bli ein større del av dei ulike kompetansemiljøa i fylket?
- Kva ambisjonar skal vi strekke oss etter når vi går vidare med å utvikle satsinga på internasjonale prosjekt, og kva rolle skal Møre og Romsdal fylkeskommune inneha?

MILJØDIMENSJON



2. Miljø, klima og energi

Arealforvalting og naturressursar under press

Det er utfordrande å klare å nytte areal slik at omsynet til både klima, naturmangfald og kulturmiljø er tilstrekkeleg. Desse verdiane tapar ofte i utvikling av samfunnet. Desse omsyna og verdiane bør bli fanga opp gjennom god og langsiktig planlegging – både samfunnsplanlegging og arealplanlegging. Gjennom planarbeidet er det også viktig å avdekke verknader av ulike tiltak, og konsekvensutgreiingar kunne med fordel vore gjennomført oftare. I arealplanlegginga burde fleire utarbeida karbonbudsjett for å få betre oversikt og kunnskap.

Planlegging og bruk av areal blir i mange tilfelle stykkevis og delt, lite arealeffektivt, og for lite gjennomtenkt. Dette gjeld både på land og i sjø. For å unngå vesentlege skadeverkingar ved arealtiltak bør ein legge eit tiltakshierarki til grunn, som går ut på å : 1. unngå, 2. avbøte, 3. restaurere 4. kompensere. Meir samarbeid mellom kommunar og ulike interessentar er også nødvendig i kampen om areala, der kampen hardnar til langs kysten og i sjøareala. Kunnskap er viktig for å sikre ei arealforvaltning på naturen sine premissar. Naturkartlegging på land og i sjø må på plass for å auke kunnskapen. I Møre og Romsdal skal ein framover jobbe for arealnøytralitet. Men dette er krevjande, mellom anna fordi omgrepene ikkje er eintydig definert, og det er liten erfaringa med kva det eigentleg vil innebere. Naturrekneskap/ arealrekneskap med ei tilstandsvurdering vil kunne seie noko om arealbruken kan definerast som nøytral.

Lenker til meir kunnskap:

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

[Fylkesstrategi for miljø, klima og energi \(under arbeid, skal vedtakast i juni 2023\)](#)

[KS: Bærekartig arealbruk](#)

[KS: Synergier og konflikter i lokal miljø- og klimapolitikk](#)

[Evoplan 2008](#)

- Korleis kan fylkeskommunen og kommunane samarbeide om arealbruk?
- Korleis kan vi vere eit verdiskapingsfylke utan at det går ut over naturmangfaldet?

Truga naturmangfald og sårbare økosystem

Presset på naturressursane og urørt natur aukar, både på land og sjø. Vi har aldri vore fleire, og vi lagar, bruker og kastar meir enn nokon gong tidlegare. Norsk Raudliste for artar 2021 viser at det er 762 artar i Møre og Romsdal som trua eller sårbare. Dei fleste av desse artane er knytt til skog. I lista for truga naturtypar er slåttemark og sørleg slåttemyr registrert som kritisk truga. Ein mangfaldig natur gir økosystemtenester og kan bidra til å løyse framtidige utfordringar. Det internasjonale naturpanelet (IPBES) seier at endra arealbruk er den største trugselen mot naturmangfaldet. Men for stor hausting, klimaendringar, forureining og spreiing av framande arter trugar også naturen.

På FNs naturtoppmøte i desember 2022 vart landa i verda einige om Naturavtalen (Kunming–Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)). Noreg har forplikta seg til å verne 30 prosent av all natur på land og i hav, innsjøar og elver samt restaurere 30 prosent av all natur som er delvis øydelagd, innan 2030. Natur som blir verna, skal vere eit representativt utval av ulike naturtypar.

Lenker til meir kunnskap:

[Raudlista for artar og naturtypar, samt fremmedartslista](#)

[Hjortevilt.no](#)

[Miljødirektoratet: Miljøstatus](#)

- Naturen har svakt rettsvern. Kva skal til for å auke statusen av å ta vare på natur?

Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

- Korleis skal vi stanse tapet av artar og naturtypar og samstundes utvikle samfunnet?

For lite kunnskap om vassførekomstane

Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal 2022 – 2027 gir ei oversikt over miljømål og tilstand i vassførekomstane i fylket frå fjell til hav, kva som trugar vassførekomstane, og korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet i eit langsigttig perspektiv. Målet er «god tilstand» i dei aller fleste vassførekomstane, og status i dag er at 83 prosent oppnår miljømålet. Påverknadane frå vasskraft, jordbruk, avløpsvatn, akvakultur og urban utvikling er av dei største påverknadene i regionen. Sjølv om industri påverkar relativt få vassførekomstar, er dette store kystvassførekomstar og utgjer ei stor utfordring.

Vi har ikkje god nok oversikt over miljøtilstanden i dei fleste vassførekomstane. Det er stort behov for betre kunnskaps- og datagrunnlag frå overvaking. Administrative og økonomiske ressursar til å arbeide med vassforvaltning har vore ei utfordring i mange kommunar og sektorar. Det er også naudsynt å betre ivareta vassmiljøet i arealbruken og ved arealendringar, t.d. i kommunale areal- og reguleringsplanar.

Lenker til meir kunnskap:

[Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027](#)

[Grøn infrastruktur](#)

- Korleis skal vi klare å sikre vassførekomstane framover?
- Korleis skal vi få forståing for å bevare, vedlikhalde og opne blågrøne strukturar?

Endra klima – stort behov for klimatilpassing

Møre og Romsdal kan vente meir kraftig nedbør, flaum og stormflod, ifølge Norsk klimaservicesenter. Det er store variasjonar i korleis konsekvensane av klimaendringane

slår ut. Kraftig nedbør der det er felles leidningsnett for overvatn (regnvatn) og kloakkavløp kan overbelaste avløpsnettet, og kan resultere i utslepp av ureinsa avløpsvatn. Der det ikkje er gode nok løysingar for overvatn, kan vatn trenge inn i bygningar. Det er behov for meir kunnskap om klimaendringar og trygg arealbruk for at vi ikkje skal bygge oss inn i nye sårbarheiter.

Dersom vi ikkje tilpassar oss klimaendringane, vil hendingar som meir flaum, skred og uvêr auke omfanget av skadar. Hyppigare ekstremvêr, råte og kjemisk nedbryting gjer at vi står i fare for å miste viktige kulturmiljø. Dyre- og plantelivet er sårbare for klimaendringar, men naturen kan og vere ein del av løysinga. Klimatilpassing er ein naturleg del av naturforvaltinga for å sikre naturmangfaldet.

Lenker til meir kunnskap:

[Norsk klimaservicesenter – klimaprofil Møre og Romsdal](#)

[Miljødirektoratet: Klimatilpassing](#)

- Korleis få omsynet til klimatilpassing inn i planar, utvikling og drift?
- Korleis kan berekraftig produksjon og forbruk bidra til å stanse klimaendringane?

Store utslepp, stor ressursbruk og høgt energibehov knytt til bygg og infrastruktur

Bygg- og anleggssektoren står for 16 prosent av Noregs klimagassutslepp. Sektoren står for 25 prosent av alt avfall og 46 prosent av avfallet frå byggeaktivitet kjem frå riving.

Bygg- og eigedomssektoren bruker 40 prosent av energien i samfunnet og 40 prosent av materialressursane. Globalt står næringa bak 40 prosent av dei totale klimagassutsleppa. Forsking viser at med riktige tiltak kan klimagassutsleppa halverast, dette vil òg frigjere 20 prosent fornybar energi. Lønsam energieffektivisering i norske bygg er anslått til 13 TWh, det svarar til 10 prosent av total straumbruk i Noreg. Potensialet er større, opp mot 22 TWh i 2050.

I tillegg til dette er det eit stort potensial i å utnytte og utbetre eksisterande bygg og anlegg i staden for å rive. Gjenbruk av bygg og infrastruktur, massar og materialar i større utstrekning enn i dag krev ei endring i regelverket, og system for gjenbruk må bli etablert.

Over tredjeparten av drikkevatnet vårt forsvinn i lekkasjar frå leidningsnettet, og berre halvparten av innbyggjarane i fylket er knytt til eit godkjent reinseanlegg. Forventa levetid er snart nådd for om lag 50 prosent av avlaupsnettet vårt.

Lenker til meir kunnskap:

[Grønn byggallianse, 2019 - Tenk deg om før du river](#)

[Grøn Byggallianse, 2022 - Eiendomssektorens veikart mot 2050](#)

[Asplan Viak, 2019 - Bygg- og anleggsektorens klimagassutsipp](#)

[Norsk klimastiftelse, 2022 - Temanotat: Energieffektivisering som klimaløsning](#)

[Grønn Byggallianse – klimakur for bygg og eiendom](#)

Refleksjonsspørsmål

- Kva skal til for at vi utnyttar moglegheitene som ligg i energieffektivisering betre?
- Korleis kan ombruk av bygg bli meir attraktivt enn å bygge nytt?

Store klima- og miljøutfordringar knytt til transport

I 2021 var det totale klimagassutsleppet i Møre og Romsdal på over 2,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Av dette utgjorde klimagassutsleppa frå vegtrafikken 0,27 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, eller om lag 11,2 prosent av dei totale utsleppa. Utsleppa frå personbilar var størst, utslepp frå buss minst. Dei totale klimagassutsleppa går sakte ned. Frå 2009 til 2021 har dei totale utsleppa gått ned med 124 453 tonn CO₂-ekvivalentar, ein reduksjon på om lag 4,9 prosent. Utsleppa frå vegtrafikken har gått ned frå nær 330 000 til nær 270 000 tonn CO₂-ekvivalentar i same periode, og har såleis bidratt til lågare utslepp tross stor auke i trafikken, spesielt inn mot byane. Årsaka er truleg auken i elbilandelen i Møre og Romsdal. Den har gått frå 1,4 prosent i 2015 til 11 prosent i 2021, mot nasjonalt 21 prosent i

2021. All transport fører med seg støy, støv og fare, og dette problemet er ikkje løyst sjølv om framdriftsteknologien er elektrisk, slik bussar og ferger byrjar å bli i Møre og Romsdal. I tillegg krev omlegging til utsleppsfree og klimanøytral transport mykje elektrisk kraft.

Transport krev store areal knytt til både veg og parkering. Vegbygging fører til nedbygging av verdifullt areal og tap av naturmangfald. Nye veglinjer og betre vegar gir raskare og kanskje og tryggare framkome, men fører også til meir trafikk. Det er utfordrande å få til god planlegging og gjennomtenkt lokalisering av funksjonar, slik at transportarbeidet går ned, areal blir spart, og det blir betre å vere syklist og gåande.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)

[Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader](#)

- Korleis kan vi gjere det meir attraktivt å bruke kollektivtransport i dei områda der det er eit realistisk alternativ?
- Kan alle køyre bil med god samvit når bilparken er gått over til miljøvennleg teknologi?

Manglar i det sirkulær kretsløpet

Det globale fotavtrykket har auka med 66 prosent sidan 2000. I ein lineær økonomi hentar vi ut ressursar og foredlar dei til produkt som vert brukt til dei vert øydelagt og blir kasta som avfall. I den sirkulære økonomien skal vi redusere og optimalisere ressursbruken. Delingskultur, sambruk, tenester for vedlikehald og returordningar blir viktige. Produkt, bygg og infrastruktur må ha lengst mogleg levetid og vere designa for ombruk, reparasjon og resirkulering. Det er i dag fleire «hol» i lokale og regionale verdikjeder som gjer det vanskeleg å utvikle sirkulære kretsløp. Vi har ikkje data på materialstraumar inn og ut av fylket. Omlegging til sirkulær økonomi har potensial til å skape mange nye, lokale arbeidsplassar. Kommunesektorens organisasjon (KS) har peika ut fem område som har størst potensial for auka sirkularitet i kommunesektoren: * Industri og næringsutvikling

*Bygg, areal og infrastruktur *Grøn transport og mobilitet *Matsystem og skogbaserte verdikjede *Avfall, avløp og gjenvinning

Lenker til meir kunnskap:

[Berekraftsrapport Møre og Romsdal](#), Møre og Romsdal fylkeskommune og U4SSC, 2021

[Restråstoff i blå og grønne verdikjeder i Møre og Romsdal - status og mulige](#)

[bruksområder innen mat, fôr og gjødsel \(PDF\)](#). NORSØK, 2020

[Kunnskapsgrunnlag. Kommunesektorens arbeid med sirkulær økonomi \(PDF\)](#), Deloitte 2022

[Studie av potensialet for verdiskaping og sysselsetting av sirkulærøkonomiske tiltak \(PDF\)](#), SINTEF, 2020

- I berekraftsmålinga av fylket, er sirkulær økonomi eit av områda som er peika ut som spesielt eigna for felles, regionalt samarbeid. Kven skal sitte i førarsetet for å få til dette samarbeidet og kor skal vi hente ressursane frå?

Store utslepp frå matproduksjon og konsum

Landbruket stod for ca. 9 prosent av klimagassutsleppa i Noreg i 2020. Gjennom Landbrukets klimaplan har landbruksnæringa inngått ein avtale med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptak av karbon frå jordbruket i perioden 2021–2030. Planen inneholder åtte satsingsområde som vil redusere dei samla klimagassutsleppa frå jordbruket med 4–6 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i denne perioden.

Havbruk er ei stor kjelde til menneskeskapte utslepp av næringssalt og organiske partiklar langs kysten. Utslepp frå fiskerisektoren utgjer i dag om lag 2,7 prosent av dei samla norske klimagassutsleppa. Her står fiskeflåten for den største delen, med utslepp av om lag 0,36 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Norsk oppdrettslaks har eit utslepp ved levering til slakteanlegg som er 20 prosent av storfe. Fôrproduksjon er den viktigaste

drivaren for klimapåverknad frå oppdrettslaks. I dag vert mesteparten av råstoffet til føret produsert utanfor Noreg, og blir derfor ikkje rekna inn i det norske klimagassutsleppet.

Matsvinnet frå matbransjen, offentleg sektor og hushaldningane utgjorde 400 000 tonn i Norge i 2020. Dette kan bli rekna om til 75 kg matsvinn per innbyggjar og per år eller 1,1 millionar kg eteleg mat i søpla kvar dag. Dette svarar til eit årleg klimaavtrykk på ca. 1,3 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, og eit økonomisk tap på over 20 milliardar kroner.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal](#)


[Landbrukets klimaplan](#)

[Bransjeavtale om reduksjon av matsvinn](#)

- Korleis kan vi produsere meir mat, med mindre miljø- og klimautslepp, basert på bruk av lokale ressursar i Møre og Romsdal?
- Korleis kan vi redusere matsvinnet?

Stor auke i behovet for energi og nettkapasitet

Energibruk: Om lag 52 prosent av den totale energibruken i Noreg kjem frå fornybare kjelder, i hovudsak vasskraft. I Noreg utgjer dei fossile kjeldene, olje, kol og gass, ein stor del av energibruken i sektorar med mykje transport og maskinbruk, sjå 2.1. I 2018 kom om lag 7 prosent av energibruken i Møre og Romsdal frå bioenergi. Fjernvarme bidrog med under 1 prosent, oljeprodukt sto for 41 prosent og elektrisitet for dei resterande 51 prosentane. Samla sett var energibruken i Møre og Romsdal på 23,6 TWh i 2018.




Figur 2.1: Samansetting av energibruken i Noreg. Sluttbruk av energi i 2020. 211 TWh i 2020. Figuren er henta frå Energifakta Noreg, 11/04/22

I åra framover er bruken av elektrisitet venta å stige i fleire sektorar og på nye område, særleg grunna elektrifisering av industri, olje- og gassverksemda på norsk sokkel, transport og ny kraftkrevjande næring. Bygging av infrastruktur og bygningar krev òg auka tilgang på energi. Den største auken er venta i dei ytre, kystnære delane av fylket.

- Kva bør ein legge vekt på for å auke delen fornybare energikjelder i energimiksen i Møre og Romsdal?
- Kva prioritiseringsrekkefølge skal vi ha når det er mange tiltak som konkurrerer om ei avgrensa tilgang til kraft?

Elektrisitetsproduksjon: Om lag 60 prosent av kraftbehovet (straumen) i fylket blir produsert her, resten kjem utanfrå. Kraftforbruket i Møre og Romsdal var 13,3 TWh i 2021. Forventa middelproduksjon i Møre og Romsdal er på 7,7 TWh per år. Omfanget av aktuell, ny produksjonskapasitet er liten samanlikna med venta vekst i straumforbruket, sjå Figur 1.2. Den venta auken i behov for elektrisitet i kombinasjon med svakt transmisjonsnett og lite ny produksjonskapasitet gjer det utfordrande å elektrifisere og etablere ny industri i fylket vårt.



Figur 1.2: Historisk og forventa elektrisitetsbruk i Møre og Romsdal. Figuren er henta frå Regional kraftsystemutredning Møre og Romsdal 2022.

- Bør ein produsere meir elektrisitet i Møre og Romsdal? I tilfelle kvifor/kvifor ikkje?
Kva energikjelder bør ein i tilfelle satse på?
- Korleis skal omsynet til natur vektleggast? Kva type innbyggjarprosessar bør ein legge opp til?

Nettkapasitet: I Møre og Romsdal er kapasiteten på det elektriske transmisjonsnettet inn til regionen relativt god, men for liten til å handtere forventa framtidig forbruksvekst, særleg på Nordmøre og i Romsdal. Det er ei utfordring at planlegging og utvikling av transmisjonsnettet tek lang tid. Regional- og distribusjonsnettet har enkelte stader i regionen avgrensa eller manglande ledig kapasitet, og forsyningssikkerheita er mangefull fleire stader.

Styrking av straumnettet tek tid (konsesjonsbehandling, planlegging og utbygging), er kostbart og fører til inngrep i naturen. Dette betyr at nytt forbruk, ut over kapasitet som allereie er tildelt, må bli handtert med systemvern og/eller bli knytt til vilkår om forbruksavgrensing. Konsekvensen vil vere ein gradvis auke i avbrotskostnader, før vi kan ende i ein situasjon med tapt verdiskaping som følge av at kundar må utsette, flytte eller skrinlegg sine planar dersom dei ikkje blir gitt tilknyting til straumnettet.

[Konseptvalgutredning – Tilrettelegging for forbruksvekst i Nordmøre og Romsdal.](#)

[Statnett, 2022](#)

[Kraftsystemutredninga for Møre og Romsdal, Elinett, 2022.](#)

[Energidashbord, Viken fylkeskommune](#)

[Grønn energiinfrastruktur i Ålesundsregionen \(PDF\). Doxacom, 2021.](#)

[Teknisk potensial for solkraft i Møre og Romsdal. Multiconsult, 2022](#)


Lenker til meir kunnskap:

- Kva skal ein legge vekt på ved val av nye traséar? Korleis skal omsynet til natur vektleggast?
- Korleis kan ein samarbeide på tvers i fylket for å legge til rette for næringsutvikling der det er tatt omsyn til kvar det er tilgang på energi?


Sjå meir om energi i kap. 10 VERDISKAPING – Fylket treng auka tilgang til energi.

Reduksjonen i klimagassutsleppa går for sakte

Miljødirektoratet publiserer klimagassrekneskap for alle kommunar og fylke i Noreg. Figur 2.2 viser at klimagassutsleppa i Møre og Romsdal har vore nær stabile i dei åra rekneskapen er publisert (samanhengande linje). Stipla linje (framskriving) viser korleis vi ventar at utsleppa vil minke fram til 2030 basert på dagens politikk og vedtekne tiltak. Småprikkja linje viser korleis utsleppa må minke med 55 prosent fram til 2030 og vidare ned til 95 prosent reduksjon i 2050.



Figur 2.2: Klimagassutslepp i Møre og Romsdal, historiske, forventa utvikling (framskriving) og nødvendig utvikling (målbane). Kjelde: Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune



Figur 2.3: Fordeling av klimagassutslepp i Møre og Romsdal, 2021. Kjelde Miljødirektoratet Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

Utsleppa i sektorane anna mobil forbrenning, luftfart, oppvarming, sjøfart og vegtrafikk er knytt til forbrenning av fossile energikjelder som bensin og diesel, og utgjorde om lag 43 prosent av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal. Utsleppa frå Hydro Aluminium Sunndal og Tjeldbergodden metanolfabrikk kjem frå sjølve produksjonsprosessen, ikkje frå energibruken, og utgjorde om lag 37 prosent av utsleppa i Møre og Romsdal. Jordbruket sto for 12 prosent av utsleppa.

Lenker til meir kunnskap:

[Utslippstall for kommunene](#) (Miljødirektoratet)

[Miljødirektoratet: Klimagassregnskap for Norge](#)

[Planlegging.no: Klima – reduksjon av utslipp](#)


- Kva utsleppssektor(ar) vil det vere nyttig å samarbeide om for å få ned utsleppa?
- Korleis skal vi kommunisere at det nyttar å jobbe med å redusere klimagassutsleppa når Tjeldbergodden og Hydro utgjer ein så stor del av utsleppa?

SOSIAL DIMENSJON



3. Demografisk utvikling og sentralisering

Svakare folketalsvekst enn landsgjennomsnittet



Fylket har hatt ein folketalsvekst på 4,4 prosent siste ti åra, mot eit landsgjennomsnitt på 8,7 prosent. 10 av kommunane i fylket hadde nedgang i folketalet i perioden 2013–2023. Det er berre Giske, Sula og Ulstein som har hatt meir enn 10 prosent vekst i folketalet i løpet av dei siste ti åra. Størst nedgang i folketalet var det i kommunane Fjord, Vanylven, Sande og Aure, med ein nedgang på, -10,6, -9,7, -7,1 og -5,3 prosent.

Folketalet auka i fylket i 2022, heile 22 av kommunane hadde vekst i folketalet. Innvandringa som følgje av krigen i Ukraina er hovudårsaka til denne auken. Utan veksten i 2022, hadde folketalsutviklinga siste tiåret vore lågare for mange av kommunane. Innvandrarbefolkinga utgjer no om lag 13 prosent av innbyggjarane i fylket.

Folketalet i fylket har stige frå 244 267 i 2008 til 268 365 i 2023, ein auke på 20 098 personar eller 9,9 prosent. Innvandringa dei siste 15 åra har vore heilt avgjerande for å oppretthalde folketalet i fylket, hadde det ikkje vore for den hadde folketalet i fylket blitt redusert. I 2008 var innvandrarbefolkinga i fylket på 12 310 personar mot 39 209 personar i 2023.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstatistikk 2022: Demografi](#)

[Kommunestatistikk](#)

[NOU 2020:15 – «Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene»](#)


[Distriktsenteret: Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene – en oppsummering av kunnskap](#)

- Mange av kommunane i fylket har dei siste 10 åra hatt nedgang i folketalet. Kva konsekvensar har dette gitt?
- Kva tiltak kan setjast inn for å motvirke trenden med nedgang i folketalet?

Fleire eldre, færre barn og unge

Befolkingssamansettinga vil endre seg mykje dei neste 15 åra. Låge fødselstal dei siste tiåra og auken i talet på eldre vil mellom anna føre til store endringar i mange av kommunane i fylket. I aldersgruppa 0–19 år var det i 1986 totalt 70 469 personar mot 61 515 personar i 2023, ein nedgang på 8 954 personar eller 12,7 prosent.

I 1986 var det i Møre og Romsdal 37 537 personar som var 65 år eller eldre, dette har stige til 56 121 personar i 2023. Dette representerer ein vekst i talet på personar som er 65 år og eldre på 49,5 prosent sidan 1986.




Figur 3.1: Utvikling i aldersgruppa 16-åringar og 67-åringar i perioden 2022 – 2038

- Kva utfordringar har nedgangen i talet på barn og unge ført til?
- Kva for samfunnsmessige konsekvensar har auken i talet eldre gitt så langt?

Folketalsprognosane blir stadig nedjustert

SSB kjem med nye framskrivingar annakvart år. Framskrivingane byggjer på demografiske føresetnader som fruktbarheit, dødelegheit, innanlandsflytting og prognosar for nettoinnvandringa framover. Særleg den siste faktoren er det knytt stor usikkerheit til. SSB kom med nye framskrivingar i juli 2022.

Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028



Figur 3.2: Framskriving av folketalet i Møre og Romsdal


I følgje framskrivingane til SSB vil talet på eldre halde fram med å stige. Aldersgruppa 65 år og eldre vil stige frå 56 121 personar i 2023 til 72 881 personar i 2038. Ein vekst på 16 760 personar eller 29,9 prosent. Talet på barn og unge vil ytterlegare gå ned dei neste om lag 15 åra. I 2038 vil det vere 55 911 personar i aldersgruppa 0-19 år mot 61 515 personar i 2023. Dette representerer ein nedgang i talet på barn og unge dei neste 15 åra, på -5 604 personar eller 9,1 prosent.

- I nokre kommunar og bygder er ikkje befolkningsvekst realistisk. Kva inneber det for samfunns- og arealplanlegginga?

Færre yrkesaktive og fleire pensjonistar

Talet på personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) har sidan 2015 vore stabilt på rundt 150 000 personar. I 1988 var det 126 966 personar i yrkesaktiv alder, noko som har auka til 150 729 personar i 2023. Samanliknar vi dei yrkesaktive opp mot dei som er 65 år eller eldre, var det i 1988 3,3 personar i yrkesaktiv alder i forhold til personar over 65 år. I 2023 hadde talet yrkesaktive per person over 65 år gått ned til 2,7 personar. I følgje framskrivingane til SSB vil Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

dette ytterlegare reduserast fram mot 2038 til 1,9 person i yrkesaktiv alder per eldre over 65 år. Det blir med andre ord langt færre personar til å løyse vare- og tenesteproduksjonen både i privat og offentleg sektor i framtida. Det vil føre til stor konkurranse om arbeidskrafta og etterspurt kompetanse regionane imellom.




Figur 3.3: Utviklinga av tal yrkesaktive og tal personar over 65 år

Det vil bli viktig for vidare utvikling å klare å behalde dei innbyggjarane fylket har, og trekke fleire folk til fylket. Då er det viktig at vi har attraktive byar, tettstader og bygder. 80 prosent av ungdom i Noreg er vande med å bu i ein by eller ein tettstad. I tillegg er det mange andre grep som må til for å oppretthalde velferdssamfunnet og utvikle næringslivet.

- Kva samfunnsmessige konsekvensar har det for Møre og Romsdal at det blir stadig færre yrkesaktive, og kva kan vi gjere for å møte utfordringa?

Innanlandsk flyttetap, men innvandring gir folketalsvekst

For Møre og Romsdal betyr den samla flyttinga at fylket, i gjennomsnitt for perioden 2002 til 2022, har tapt om lag 900 innbyggjarar årleg i den innanlandske flyttinga. I same periode har netto innvandring (tal innvandrarár minus tal utvandrarár) gitt ein årleg folketalsvekst på om lag 1 700 personar.




3.4: Flytting i Møre og Romsdal

I snitt for perioden 2002–2022 har det vore om lag 4 000 som årleg har flytta til fylket frå andre stader i landet, medan om lag 4 900 har flytta frå fylket til andre stader i landet. Dei siste åra har dette flyttetapet vore vesentleg lågare, og i 2022 var det 221 personar. Det er innbyggjarar med innvandrarbakgrunn og barna deira som utgjer den største delen av det innanlandske flytteunderskotet. Dei siste åra har dei utgjort 80–90 prosent av det innanlandske flyttetapet.

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

Innvandringa auka kraftig med utvidinga av Schengen, auken starta i 2005 og haldt fram til 2016, med ein topp i 2012 og 2013. Koronapandemien ser ein att i innvandringstala, samstundes ser ein tydeleg effekten av krigen i Ukraina i tala for 2022.



Figur 3.5 Aldersfordelt flytting

Det er i hovudsak unge vaksne i aldersgruppa 20–29 år som gir fylket eit samla flyttetap i den innanlandske flyttinga. I fylkesstatistikk og i kommunestatistikk finn ein talmateriale som synleggjer kor desse flytter, men hovudtendensen er at hovudstadsregionen tiltrekk seg flest, medan Vestland (Bergen) og Trøndelag (Trondheim) kjem på plassane bak.

- Kva kan vi i Møre og Romsdal gjøre for at færre innvandrarar flyttar frå fylket?
- Korleis kan vi i Møre og Romsdal betre flyttebalansen for unge vaksne i aldersgruppa 20–29 år?

4. Kompetanse og utdanning

Mangel på kompetanse og arbeidskraft

Ved inngangen til 2023, er status i arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal at det er mangel på arbeidskraft i både offentleg og privat sektor. Den demografiske utviklinga for Møre og Romsdal vil også gi markant færre elevar i vidaregåande opplæring frå 2026, kombinert med ei kraftig auke i talet på eldre.

Arbeidslivet vil vere i kontinuerleg omstilling i tida som kjem, mellom anna knytt til teknologiutvikling, det grøne skiftet og demografi. Det trengst ny og oppdatert kompetanse, både gjennom rekruttering av nyutdanna og gjennom etter- og vidareutdanning. Mobilisering og kvalifisering av dei som står utanfor utdanning og jobb vert også ein viktig oppgåve.

God kunnskap og oversikt over kompetansebehovet i fylket vil vere ei svært viktig oppgåve for fylkeskommunen framover, i tett dialog med aktørane. Det vil vere viktig for å dimensjonere tilbodet innanfor vidaregåande opplæring, utvikle nye utdanningstilbod inkludert etter og vidareutdanning, og treffen riktig kvalifiseringstiltak for dei som står utanfor arbeidslivet i dag. Det vil også vere viktig å skape arbeidslivsrelevans i eksisterande utdanningstilbod på alle nivå i utdanningssystemet.

Lenker til meir kunnskap:

[Kartlegging av kompetansebehov i Møre og Romsdal 2021](#)

[Kompetanse.mrfylke.no](#) (blir publisert i løpet av juni 2023)

[NAV sin bedriftsundersøkelse](#)

- Kva vil manglande tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse innebere framover?
- Korleis skal vi skape eit tettare samarbeid mellom arbeidslivet, utdanningsinstitusjonar og andre sentrale aktørar for å sikre tilgang til rett kompetanse inn i offentleg og privat sektor framover?

Fleire må gjennomføre vidaregåande opplæring

Samfunnsoppdraget til den vidaregåande opplæringa er at den både skal danne og utdanne, og målet er at ungdommane skal skaffe seg den kompetansen dei treng for å delta aktivt i både samfunns- og arbeidsliv. Vidaregåande opplæring har såleis også ei viktig rolle i å hindre utanforskaps. At flest mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring er avgjerande for å forsyne arbeidslivet med rett arbeidskraft.

Den nasjonale målsettinga er at innan 2030 skal ni av ti av dei som startar i vidaregåande opplæring gjennomfører med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år. Resultatet av målingar viser ein gjennomføringsprosent på 80,4 på landsbasis, og ein gjennomføringsprosent på 82,8 i Møre og Romsdal fylkeskommune. Gjennomføring er viktig både for enkeltindividet og for samfunnet, og regjeringa har mellom anna gjennom *Fullføringsreforma* og forslag til ny opplæringslov sett på kva som skal til for å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Eit av forslaga er å utvide retten til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2022–2026](#)

[Gjennomføring av videregående opplæring \(udir.no\)](#)

[Forslag til ny opplæringslov lagt frem for behandling i Stortinget \(udir.no\).](#)

[Fullføringsreformen \(udir.no\)](#)

- Korleis skal ein få enno fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring?
- Korleis skal ungdom få ta ei utdanning dei har lyst på og er motivert til, og der ein samstundes utdannar den kompetansen arbeidslivet har behov for?

Vanskeleg å dimensjonere fag og yrkesopplæring

I forslag til ny opplæringslov er det lagt vekt på at det yrkesfaglege tilbodet skal vere i tråd med arbeidslivets behov. Det er ei utfordring at dimensjoneringa er søkerstyrt, samt at etablert skolestruktur kan legge premissar for dimensjoneringa og bremse utvikling.

Det er og ei utfordring at fagbrev ikkje er like verdsett i alle bransjar. Handverks- og industrifaga har lange tradisjonar med å rekruttere gjennom lærlingordninga, og fagbrev er ofte ein føresetnad for å få jobb. I delar av servicenæringa er behovet for fagbrev meir uklårt. Tilbodet på yrkesfag bør kunne forsvarast ut frå eit arbeidskraftsperspektiv, og utdanningane bør føre til ei verdsett kompetanse.

Det er kvart år fleire søkerar som ikkje får læreplass. For mange er overgangen frå skole til læreplass utfordrande, og det er ikkje alle søkerane som er klar for arbeidslivet. Fleire av søkerane ønsker ikkje å flytte for å starte i lære. Vi ser og at fleire har utfordringar med psykisk helse. Bedriftene vil trenge enno tettare oppfølging for å legge til rette for at lærlingane skal få ein god arbeidskvardag, spesielt i overgangen frå skole til arbeidsliv.

Lenker til meir kunnskap:

[Meld St. 14 \(2022-2023\) Utsyn over kompetansebehovet i Norge](#)

- Korleis sikrar vi at framtidas fagbrev er relevante og verdsett i arbeidslivet?
- Kva tiltak kan vere aktuelle for å sikre ein smidigare overgang frå skole til læretid?
- Korleis skal vi balansere ungdomane sine ønske om utdanning opp mot næringslivet sine behov?

5. Ulikheiter og utanforskap

Stor sosial ulikskap i helse

Folkehelsa i Møre og Romsdal er generelt god, og levealderen er høg, men det er store sosioøkonomiske skilnadar. Det er stor variasjon i til dømes venta levealder, sjukdomar, skadar, plagar, lelevanar og levekår. Denne ulikskapen er aukande, og innsats for å redusere sosial ulikskap i helse er difor eit viktig innsatsområde. Dette krev samansette løysingar, og at det blir gjort vurderingar av fordelingskonsekvensar som det blir tatt omsyn til ved gjennomføring av tiltak. Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal frå 2021

syner at dei fleste i fylket har det godt, men at fylket skil seg frå andre fylker når det gjeld timar stillesitting i kvardagen, å vere med gode vener kvar veke, kor fornøgd ein er med livet, og om livet er meiningsfylt. Det er også skilnader i om ein har hatt positive følelsar siste sju dagar, har støttande sosiale relasjonar og om ein har kultur- og idrettstilbod.

Livskvalitet er eit godt mål på korleis befolkninga eigentleg har det, og felles for mange av dei som opplev låg livskvalitet, er at dei står utanfor viktige samfunnsarenaar som til dømes arbeidslivet. Å fremje og auke livskvalitet er ein viktig faktor for å kunne betre folkehelsa. Ein viktig føresetnad er då arbeid på tvers. Regjeringa har forankra arbeidet med livskvalitet i den nye folkehelsemeldinga og vil lansere sin livskvalitetsstrategi i løpet av 2024.

Lenker til meir kunnskap:

[Oversikta over folkehelsa i Møre og Romsdal 2023](#)

[Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal frå 2021](#)

[Ny Meld. St 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskellar](#)

- Korleis kan offentleg, frivillig og privat sektor samarbeide om å reduserer sosiale helseforskellar i befolkninga?
- Kva treng vi meir kunnskap om på folkehelseområdet?


Ungdom utanfor jobb, utdanning og samfunnsliv

Utanforskap er ei av vår tids store utfordringar, og er krevjande for den enkelte, sosialt og økonomisk. For samfunnet legg utanforskap beslag på store menneskelege og økonomiske ressursar. Nordlandsforskning har gjort ein kartlegging av ung utanforskap i Møre og Romsdal, definert som unge mellom 16 og 25 år utanfor skole, utdanning og arbeid. Tal frå 2020 viste at om lag 2 000, rundt 6 prosent, var utanfor.

Økonomisk, sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, utdanningsnivå og kvar ein bur, er faktorar som betyr noko for deltaking i samfunnsliv, kultur- og frivilligheit. Talet på born i

familiar med vedvarande låg inntekt er og ei sentral problemstilling å gripe tak i med tanke på utanforskap.

Det er utfordrande å mobilisere til samla og koordinert innsats for å hindre utanforskap, og skaffe gode kunnskapsgrunnlag for felles forståing. Krav om raske resultat og effektar av innsatsen kan vere til hinder for endringar som gir langsiktig gevinst, og tiltak blir ofte retta mot behandling av symptom framfor å fjerne årsakene til utviklinga. Vidare veit vi for lite om årsakene, og korleis ulike risikofaktorar heng saman og forsterkar kvarandre.



Figur 5.1: Figuren viser kor mange som står utanfor fritidsaktivitetar i 2022 (Kjelde SSB Levekårsundersøkelsen 2023)

Lenker til meir kunnskap:

[Rapport «Ungt utenforskap i Møre og Romsdal»](#)

[KS Partnarskap for radikal innovasjon – Ungt utenforskap](#)

[Møre og Romsdal 2025 – Nullvisjon for utanforskap](#)

[Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal 2019-2024](#)

[SSB: Fattigdomsproblemer, levekårsundersøkelsen](#)

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

- Korleis kan vi legge til rette for at barn og unge ikkje fell ut av skole, utdanning, arbeid, kultur- og fritidsaktivitetar?
- Korleis kan vi inkludere fleire av dei som i dag står utanfor utdanning, arbeid og samfunnslivet?

Fleire vil trenge universelt utforma løysingar

Målet med universell utforming er å utforme produkt, omgjevnadar, program og tenester på ein slik måte at det kan nyttast av alle menneske på ein slik måte at ein ikkje treng tilpassing eller spesiell utforming. Universell utforming omfattar til dømes kommunikasjon, fysisk tilgjenge, transport og tilgang for føljeperson der det er behov for det. Alle private og offentlege verksemder som retter seg mot ålmenta, slik som publikumsbygg, flyplassar, butikkar, legekontor, kollektivtransport med meir skal vere universelt utforma. Universell utforming gjeld også velferdsteknologi og IKT.

I folkehelseundersøkinga for Møre og Romsdal 2021 kom det fram at ganske store delar av befolkninga opplev hindringar når dei besøker service- og tenestetilbod og møteplassar. Resultatet frå undersøkinga tyder også på at mange bustadar er dårlig tilpassa eldre og andre som av ulike årsaker kan ha nedsett funksjonsevne. I undersøkinga svarte 25 prosent at dei har funksjonsnedsettingar eller plager som følgje av skade.

Det har vore ei positiv utvikling i levekår for personar med nedsett funksjonsevne på mange område, men det står att viktige utfordringar. Dette er mellom anna knytt til likeverdige moglegheiter til utdanning, inkludering i arbeidslivet og tilgjengelige kultur- og fritidstilbod. I Møre og Romsdal er det behov for meir kunnskap og kartlegging av status for universell utforming.

Lenker til meir kunnskap:

[Universell utforming og tilgjengelighet](#), ein A-B-C til korleis ein sikrar universell utforming

Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

Levekårsstatus for personer med nedsatt funksjonsevne fra Bufdir

Universell utforming som plantema

- Kva betyr eigentleg prinsippet like moglegheiter for alle?
- Korleis skal vi dele erfaringar om løysingar for universell utforming i Møre og Romsdal?

Framleis utfordringar for kjønnslikestillinga

Møre og Romsdal er blant fylka som kjem dårlegast ut på SSB sin likestillingsindeks. I 2022 (tala er frå 2021) skårar vi lågare enn landsgjennomsnittet på 9 av 12 indikatorar. Både nasjonalt og i Møre og Romsdal er det minst kjønnsbalanse på indikatorane som måler deltidsarbeid og grad av kjønnsbalansert næringsstruktur.

Endringar i arbeidsmarknaden viser at fleire kvinner no søker seg til mannsdominerte yrke, men få menn vel yrke der det jobbar flest kvinner. Delen kvinnelege leiarar aukar, særleg i offentleg sektor. Men utviklinga mot ein mindre kjønnsdelt utdannings- og arbeidsmarknad går sakte.

Møre og Romsdal er det fylket med størst underskot av kvinner mellom 20-39 år av alle fylka i landet. Oslo er einaste fylket som har overskot. Noko av forklaringa på kvinneunderskotet ligg i næringsstrukturen i fylket. Møre og Romsdal har ein større del sysselsett innafor sekundærnæringane enn landsgjennomsnittet, og i dette inngår blant annet industriarbeidsplassane. Dette er ei svært mannsdominert næring, over 80 prosent av dei sysselsette her er menn. Ei viktig utfordring for fylket er derfor korleis denne næringa kan gjerast meir attraktiv for kvinner.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstatistikk – kjønnslikestilling i Møre og Romsdal](#)

[Bufdir: Likestilling og ikke-diskriminering](#)

[Kjønnslikestilling](#)

- Kva kan gjerast i Møre og Romsdal for å redusere kjønnsskillet i jobbval, arbeidstid og løn?
- Kvifor skal kvinner flytte til Møre og Romsdal, kva vil dei tene på det?

Integrering krev meir felles innsats

Det er no ei betydeleg auke i busetting av flyktninger i Møre og Romsdal. Krigen i Ukraina har gjort at det har kome fleire flyktninger enn tidlegare år. I tillegg til Ukrainske flyktninger kjem det også overføringsflyktninger. Kommunane er oppmoda om å busette 2 755 flyktninger i 2023. Talet på busette flyktninger låg stabilt frå 2010 til 2020 med omkring 200–300 pr år. Frå 2021 til 2022 auka talet frå 358 til 2 379. Korleis dette vil sjå ut framover, er helt avhengig av om det oppstår ulike krisesituasjonar rundt om i verda.

Den betydelege auken av flyktninger påverkar kommunane og fylkeskommunen sine tenester. Integreringslova seier at innvandrarar tidleg skal integrerast i det norske samfunnet og bli økonomisk sjølvstendige. Det er mykje som er viktig for god integrering, mellom anna god norskkunnskap, kunnskap om norsk samfunnsliv, butilhøve, helse, samfunnspartnere, formelle kvalifikasjonar og tilknyting til arbeidslivet.

Det er viktig med tett samarbeid mellom arbeidslivet, kommunane, statsforvaltaren, NAV, frivilligheita, Husbanken, politi, Bufetat, IMDi, RVTS og andre aktørar, slik at dei ulike aktørane nyttar kvarandre sin kompetanse og ressursar godt.

Lenker til meir kunnskap:

[Plan for kvalifisering av innvandrarar 2022](#)

- Kva for kunnskap blir lagt til grunn i arbeidet med integrering, og er det behov for meir kunnskapsgrunnlag?
- Korleis blir innvandrarar og innvandrarorganisasjonar involvert i medverknadsprosessen for planlegging og utforming av tenestetilbod?

Ungdom uroa over rusbruk

Ungdommens fylkesting (UFT) tok i november 2022 opp at rusavhengigheit har vorte eit større og større tema blant ungdom i stadig yngre alder. UFT har dei siste åra sett at rus har vorte eit stort problem blant unge, og dei etterlyser handlekraft frå politikarane både på fylkeskommunalt nivå og kommunalt nivå. UFT meiner det er behov for betre kartleggingar og betre samarbeid for å få til presise og gode tiltak.

Ungdata-tal frå 2022 viser at 7% av elevane i vidaregåande skole i Møre og Romsdal har brukt hasj i løpet av det siste året, og 21% har fått tilbod om det. Snittet for landet viser at 15% av elevane i vidaregåande skole har brukt hasj i løpet av det siste året, og 34% av elevane har fått tilbod om det. Nasjonale undersøkingar viser ein auke i bruk av kokain siste året (FHI/SSBs årlege undersøking om alkohol, narkotika og tobakk 2023)

I 2021 gjennomførte folkehelseinstituttet ei undersøking «Om ungdoms kunnskap, holdninger og motiver knyttet til cannabis», der 3 500 elevar frå 34 vidaregåande skolar deltok. Undersøkinga viser at 40 % av elevane overvurderte kor vanleg cannabisbruk er blant unge, og berre ein av tre kjente til at cannabis er blitt vesentleg meir potent (sterkare) enn tidlegare. Undersøkinga viser også dei mest vanlege årsakene til å ikkje bruke meir cannabis blant dei som allereie har cannabiserfaring er:

- Ønskje om å ikkje bli tatt av politiet (48 %)
- Omsynet til foreldre (44 %)
- Faren for avhengigheit (41 %)
- Prisen på cannabis (36 %)

Lenker til meir kunnskap

[Faktisk.no: Er det flere ungdommer som bruker narkotika?](#)

[Politiets innbyggarundersøking 2023](#)

[Plan for rusarbeid i vidaregående opplæring](#)

- Korleis er det rusførebyggande arbeidet i fylket i dag – og kva kan vi gjere betre?

- Korleis kan kommunane, fylkeskommunen og andre offentlege aktørar samarbeide om å betre livskvalitet, meistring og moglegheiter for ein aktiv kvardag for personar med rusmiddelrelaterte problem?

Nye bustadbehov

Alle treng ein plass å bu, men har ulike preferansar, er i ulike livsfasar og har ulik økonomisk situasjon å gå ut i bustadmarknaden eller leigemarknaden med. Med stadig aukande del eldre i samfunnet, er det og ei utfordring å skape eit aldersvennleg samfunn både med tanke på lokalisering av bustader og utforming av bueiningane. Det er og ei utfordring å oppnå sosial bustadbygging, slik at det er tilbod og breidde tilpassa alle grupper og behov. Akkurat no er bustader til flyktningar ei stor utfordring. Det er heller ikkje likegyldig kor bustaden er lokalisert, med tanke på tilgang til offentlege og private service- og tenestetilbod, og med tanke på klima- og miljøeffektar og arealbruk.

I 2021 var gjennomsnittleg kjøpesum for bustader i Møre og Romsdal i overkant av 3,1 mill. kr. Prisveksten frå 2020 til 2021 var på 5,7 prosent. Nasjonalt auka prisane med 8,1 prosent i det same tidsrommet. 15 av dei 26 kommunane i Møre og Romsdal hadde auke i omsetning av bustader i denne perioden. Men det er store variasjonar. I nokre kommunar er det få bustader omsett, lågare gjennomsnittleg pris per omsetnad, og prisane har gått ned frå 2020 til 2021. Dette er ikkje eit heilt eintydig bilet, men ein situasjon som gjeld fleire av dei små kommunane. Dette påverkar risikobiletet i samband med etablering i små kommunar, og er ei distriktsutfordring.

Lenker til meir kunnskap:

[Husbanken: Boligsosial monitor](#)

[Fylkesstrategiar – Nærings og samfunnsutvikling – Byrekneskap Møre og Romsdal 2022](#)

[Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2022 – Bustadmarknaden](#)

- Kva kunnskap treng vi om behovet for bustader?
- Korleis kan det offentlege medverke til at det blir utvikla eit bustadtilbod med nok breidde og variasjon til alle behov?

6. By- og tettstadutvikling

Vanskeleg å lokalisere «riktig» i byar og tettstader

I byar og tettstader er utfordringa å klare å samle lokaliseringa av funksjonar, tenester og service på eit vis som styrker eksisterande by- og tettstadsentrums, gir attraktivitet, effektiv arealutnytting og mindre transport. Møre og Romsdal er eit distriktsfylke, med berre Ålesund i sentralitetsklasse 5, den nest høgaste av SSB sine sentralitets-klassar. Resten av fylket er rekna som distrikt. Store delar av fylket er prega av til dels spreidd busetting og relativt store avstandar. I tillegg viser SSB sine befolkninsframskrivingar fram mot 2037 berre ein vekst på 2,8 prosent, og befolkningsnedgang i mange kommunar. Dersom det skal vere mogleg å skape møteplassar for befolkninga – attraktivt byliv-og urbanitet-, bustadattraktivitet og næringsattraktivitet i eit fylke med lite folk, må ein samle service og tenester i sentrumsområda i kommunane.

Ein av dei største trugslane mot naturmangfold er nedbygging og omdisponering av areal. Andre utfordringar er nedbygging av landbruksareal, og klimagassutslepp. Utfordringa er derfor å klare å utnytte allereie nedbygd/disponert areal i sentrumsområda til transformasjon og fortetting med høg kvalitet. Slik kan funksjonar bli samla, attraktiviteten auke, areal bli spart, og transportarbeid og klimagassutslepp bli mindre.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026 \(til pol.handsaming\)](#)

[Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026 \(Kunnskapsgrunnlag\)](#)

[Rettleiar fortetting i byar og tettstader](#)

[Vedlegg til Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026 \(Byrekneskap
utvalde by- og tettstader\)](#)

- Korleis kan kommunar nytte arealplanlegginga til å hauste vinstane med «riktig» lokalisering?
- Korleis kan kommunar samarbeide med private aktørar for å spare areal , fortette med kvalitet, og få ned transportarbeidet?

Dårlege fysiske omgjevnadar er lite attraktivt

Fysiske faktorar som arkitektur og utforming av bygg, ute-miljø og estetikk, nærliek til tenester og funksjonar, gang- og sykkelvegar, tilgang til friområde, parkar og torg har betyding for helse, trivsel, identitet og livskvalitet. På same måte er sosiale påverknadsfaktorar som møteplassar og kulturtildeling også viktige. Dei fysiske og sosiale påverknadsfaktorane heng i hop, og kvalitetar i byar og tettstader er ofte eit resultat av samspelet mellom desse faktorane.

Trivsel, attraktivitet og god folkehelse blir skapt der folk lev sine liv, både i arbeid, barnehage, skole og fritid. Sentrumsmessige kvalitetar, torg, møteplassar og parkar er viktig for psykisk helse, sosiale aktivitet og leik, men og for handel og byliv. Det som er bra for eldre fell i stor grad saman med det som er bra for alle. Dess yngre eller eldre ein er, dess mindre mobil er ein, difor er nærmiljøet og tett lokaliserte funksjonar svært viktig for livskvaliteten og moglegheitene for å delta i samfunnet. Utfordringa er korleis vi skal klare å utvikle desse attraktive, tette og gode omgjevnadane, slik at vi får miljø- og klimavennlege byar og tettstader med god folkehelse, byliv og god trivsel.

Lenker til meir kunnskap:

[Rettleiar fortetting i byar og tettstader](#)

[Erfaringar og råd i arbeid med sentrumsutvikling](#)

- Kva for krefter trekk funksjonar og lokalisering ut av sentrumsområda i byane og tettstadane, og kvifor?

- Kva for synergiar og samspelseffektar kan bli nytta for å styrke byar og tettstader framover

Klimatilpassing heilt nødvendig i by og tettstad

Med våtare, villare og varmare klima, er klimatilpassing heilt nødvendig også i byar og tettstader. Korleis det er tilrettelagt for handtering av overvatn, har stor betydning for skadepotensialet i nedbøren sitt nedslagsfelt. Det er nødvendig å sjå samanhengar med grøne og blå strukturar, også naturlege slike, og klare å ta vare på grøntdrag, kantvegetasjon og grøne flater i byromma. Også bekkar og elveløp i sentrumsområda er det viktig å halde opne. Overflater og materialbruk knytt til både bygningar, dei opne byromma og infrastrukturen, må kunne ta unna og fordrøye vatten. Grøne tak vil til dømes kunne fordrøye vatten, og det grøne vil og kunne bestå av spiselege vekstar som gir bidrag til matforsyning og kortreist/ureist mat. Materialbruken må og sjåast i samanheng med strukturar i grunnen; kulvertar, rør etc. Problematikken gjeld også folkehelse, særskilt kopla til fare for patogener i avløpssystemet og spreiling i flaumsituasjonar. (Sjå også klimatilpassing i kapittel 2 Miljø, klima og energi)

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 - 2026 \(Kunnskapsgrunnlag\)](#)

- Korleis kan klimatilpassing i byar og tettstader bli kombinert med trivsel og miljøskapande element?
- Kva må til for at klimatilpassinga skal bli teke omsyn til i alle prosjekt og prosessar?

Handel er ein avgrensa ressurs

Ny regional handelsanalyse for Møre og Romsdal frå 2021 dokumenterer status og utviklingstrekk for detaljhandel, tenesteyting og service i fylket i perioden 2011-2019.

Detaljhandelen i fylket følgjer eit hierarki som er særleg tydeleg når det gjelder utvalsvarer som klede og sko. Omsetninga innafor overnatting og personleg tenesteyting er stabil, medan servering har auka med nærmere 50 prosent. Ålesund, Molde, Ulstein og

Kristiansund er tydelege handelsdestinasjonar for nabokommunane. Kjøpesenterområda i dei tre største bykommunane har over dobbelt så stor omsetning samanlikna med bysentera, og skilnaden har auka. I alle dei tre byane er omsetninga knytt til service som til dømes restaurant, kafè, overnatting, frisør osv. større i sentrumsområdet enn i kjøpesenterområdet.

Potensialet for auke i omsetning er vurdert ut frå tre faktorar: Auke i folketal, auka forbruk, samspels- og synergieffektar. SSB sine demografiske prognosar syner ein forventa folkevekst på berre om lag 3,8 prosent for fylket fram til 2040. Utviklinga syner at det er lite som tyder på nye, sterke impulsar for handel i fysiske butikkar i Møre og Romsdal. Samlokalisering av ulike tilbod og tenester kan bringe med seg fordelar som støtter opp om handel i fysiske butikkar, men dette vil vere avhengig av m.a. framtidig lokaliseringspolitikk, samarbeid mellom offentlege og private aktørar, nye handelskonsept m.m.

Lenker til meir kunnskap:

[Regional handelsanalyse for Møre og Romsdal, 2021](#)

- Korleis kan den lokale handelen bli stimulert samstundes som fleire syklar og går?
- Korleis kan sentrumsområda bli attraktive for dei store kjedane innan detaljhandel?

Dårlege kår for mjuke trafikantar

Løysing av transportbehov er ulikt i sentrum av byar og tettstader, enn det er på vegnettet mellom. Sentrumsområda er prega av gater, til forskjell frå vegar. Ei gate er like mykje byrom som transportårer. Gater blir kjenneteikna av bygningar som ligg tett innpå og som dannar veggar for uterom, hastighetene er lågare, og det er mykje mjuke trafikantar. Det er desse mjuke trafikantane som går og syklar som bør bli prioritert høgst, og som må ha trygge omgjevnadar i sentrumsområda. Barn og unge kan ikkje køyre bil og har ikkje tilgang på bil. For dei er trygge forhold for sykling og gange særskilt viktig. Det er folk som skal på arbeid og skule, som handlar, går på kino og på kafé, ikkje

bilane. Noko biltrafikk, god framkome for bussar, handikap-parkering, korttidsparkering og varetransport må vi uansett ha også i sentrumsområda, for at byar og tettstader skal kunne fungere.

Ulike grupper i samfunnet har ulike transportbehov. Arealbruk, lokalisering av ulike funksjonar, kollektivtilbodet og utvikling av transportårer påverkar korleis vi reiser og kor mykje vi må reise. Transportårene legg også premiss for næringstransporten, og påverkar bedriftene sine transportkostnadene. Alt dette må vi sjå i samanheng, og vekte mot kvarandre når vi utviklar transportsystemet i byar og tettstader.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026 \(Kunnskapsgrunnlag\)](#)

[Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024](#)

- Korleis kan det bli trygt og effektivt for gåande og syklande i sentrumsområda?
- Kva skal til for å få folk til å velje buss, gange og sykkel framfor bil?

7. Kultur, idrett og frivillig innsats

Mindre bruk av kulturtildobdet enn før

Kunst- og kulturformidling skjer på mange ulike arenaar i regi av både offentlege, private og frivillige kulturaktørar. Eit nasjonalt kulturpolitisk mål er å få kunst og kultur ut til befolkninga, til dømes gjennom festivalar, teater, opera, konserter og spel. Alle i Møre og Romsdal skal ha moglegheit til å oppleve, delta i og ha tilgang til kunst og kultur. Gjennom å vere inkluderande og mangfoldig medverkar kulturen til eit inkluderande og mangfoldig fellesskap.

Finansiering av kulturverksemd er i endring. Det er forventningar om svak økonomisk vekst og auka offentlege utgifter fører til større krav til eigeninntekter for aktørar.

Kulturformidling treng eit publikum. I ei undersøking gjort av Norstat på vegne av NRK svarar heile 44 prosent at dei bruker kulturtildot mindre hyppig enn før. 23 prosent svarar at det har blitt for dyrt å gå på kino, teater eller konser og 12 prosent seier at det er på grunn av endra økonomisk situasjon. Det har også vore ei prisauke på rundt 12 prosent på kulturtenester det siste året viser tal frå SSB. Dette kan ramme inntektsgrunnlaget for kulturlivet, og gå ut over kulturformidlinga.

Lenker til meir kunnskap

[Artikkel frå NRK om dyrare kulturopplevingar](#)

[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#)

- Korleis kan kultursektoren tilpasse seg ein endra økonomisk situasjon?
- Korleis kan vi samarbeide med kultursektoren og kommunane for å sikre god og relevant kulturformidling i framtida?

Låg del profesjonelle kunstnarar i fylket

Den profesjonell kunsten sine hovud-kategoriar er innan visuell kunst, scenekunst, film, musikk, litteratur, kulturarv og design. Kunstnarar, institusjonar, festivalar og organisasjonar produserer og leverer innhald til heile folket. Den profesjonelle kunsten er på et høgt nivå, og kan gi rom for refleksjon og kommentere samfunnet og samtida. Møre og Romsdal har den lågaste delen busette kunstnarar i landet, og vi har få institusjonar som står for kunstproduksjon. Institusjonane er sentrale når det kjem til sysselsetting av profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Tal frå 2019 viser at det er gjennomført 311 teater- og 19 danseframstykkingar i Møre og Romsdal. Dette gir 1,2 teaterframstykking per 1000 innbyggjarar, noko som er under landsgjennomsnittet og blant dei lågaste i landet.

Lenker til meir kunnskap:

[Norsk kulturindeks 2020-Møre og Romsdal](#)

[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#)

- Kva er dei største utfordringane for at fleire kunstnarar og kulturarbeidrarar skal kunne bo og virke utanfor dei største byane?
- Kva kan institusjonar og organisasjonar gjere for at befolkninga nyttar profesjonell kunst i enda større grad?

Kultur- og naturarv under press

Kulturarven er notida si forankring i historia. Spora etter bonden i landskapet finn vi i artsmangfaldet, husa, steingardane, ferdslivegane, og gravminna. Kombinasjonen av innmark, utmark og tun gir ein kulturhistorisk dimensjon med store kulturelle og biologiske verdiar. Denne kultur- og naturarven er sett under press i store delar av fylket. Det er sentralt å finne balansen mellom vern og bruk av kulturmiljø i stadutviklinga. Gode rammevilkår og tilgang på kompetanse er også sentralt i denne samanhengen. Her har det offentlege eit stort ansvar. Kulturlandskapet er attraktivt for ny busetnad og hyttefelt. Det er også fjellområda og strandsona. Allemannsretten, som er eit gratisgode, er ein del av den norske kulturarven. Å sikre sporlaus ferdsel er ei utfordring, særleg med den stadig sterkare koplinga mellom turstiar og turisme. Arrangement og reiseliv trekk til seg mange besøkande, der også kulturmiljø blir profilert. Besøk kan gi store inntekter, men også slitasje på natur- og kulturarven. Også klimaendringar, urbanisering og sentralisering utfordrar kulturmiljøforvaltinga. Fråflytting, gjengroing og forfall gjer at bygningar står tomme og kulturlandskapet gror at.

Arkiva våre er ei anna historisk og kulturell forankring i vår fortid. Dei private arkiva har ikkje lovheimla vern, og ein må i fellesskap finne ein måte å sikre desse på.

Lenker til meir kunnskap:

[Regional delplan for museum](#)

[Regional delplan for kulturminne](#)

[Riksantikvarens strategi og faglige anbefalinger for by- og stedsutvikling](#)

[Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold](#)

[Riksantikvarens klima-strategi for kulturmiljø-forvaltning](#)


- Klimaendringar, urbanisering og sentralisering er ein trussel for kulturarven. Korleis kan vi sikre at dei utsette kulturmiljøa ikkje går tapt?
- Korleis kan vi løfte fram kulturmiljø som ressursar i samfunnsutviklinga vår?

For lite fysisk aktivitet

Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal (2021) viste at vaksne sitt i ro i 6,8 timer i gjennomsnitt kvar dag. Menn sit litt meir i ro enn kvinner, og det er i aldersgruppa 18–29 år ein sit lengst i ro (7,65 timer). Fylket ligg på nivå med Nordland, lågare enn Rogaland, og høgare enn Agder og Troms og Finnmark.

Kvardagsaktiviteten har gått ned blant barn dei siste 15 åra. Blant seksåringane i landet tilfredsstiller 87 prosent av jentene og 94 prosent av gutane tilrådingane for fysisk aktivitet kvar dag. Ser vi på tala for niåringane er dei høvesvis 64 prosent og 81 prosent, medan tala for femtenåringane er høvesvis 40 prosent og 51 prosent (kjelde: folkehelseinstituttet). Blant ungdommar er mange med i organisert idrett, men det skjer eit tydeleg fråfall i 15–16 års alder. Pandemien førte til større fråfall frå idretten enn normalt. Resultata frå Ungdata tydar på at pandemien ikkje i særleg grad påverka andelen unge som trenar på fritida.

Nærleik til natur – grøntstruktur, turruter og naturområder – og mogelegheit for å vere fysisk aktiv, er avgjerande for kor aktive folk er. I dag ligger berre om lag halvparten av norske bustader 500 meter eller nærmare nærturterrenge, og berre om lag 10% av befolkninga i Møre og Romsdal har ei merka og skilta turrute nærmare enn 500 meter frå der dei bur.



Figur 7.1: Tal timar stillesitting i kvardagen fordelt på kjønn, utdanning og alder

Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal, 2021

Lenker til meir kunnskap:

[Rapport om framgangsmåte og utvalde resultat frå folkehelseundersøkinga i 2021](#)

[Kommunetabellar frå FHI frå folkehelseundersøkinga i 2021](#)

[Meld. St. 18 \(2015 - 2016\) Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet](#)

[Norsk kulturindeks 2020 - Møre og Romsdal](#)

- Korleis kan vi få opp kvardagsaktiviteten i Møre og Romsdal?
- Korleis kan vi få ei meir aktiv befolkning i Møre og Romsdal?
- Korleis kan vi få innbyggjarane til å velje fysisk aktiv transport til og får skule/arbeid framfor bil og såleis få opp kvardagsaktiviteten?

Ulik tilgang på bibliotektilbod

Bibliotektilboden er av dei mest demokratiserande og sosialt utjamnande kulturtildoda i Noreg. Alle kommunar skal i følgje biblioteklova ha eit bibliotektilbod, men tilgangen og tilboden er ikkje likt over heile fylket i dag. For å nå målet om likeverdige bibliotektilbod må biblioteka utvikle seg i tråd med forventningar og behov i samfunnet. Dette medfører behov for kontinuerleg kompetanseheving for bibliotektilsette og rekruttering av relevant

kompetanse, samtidig som det sett krav til verktøy og infrastruktur innanfor sektoren som kan hjelpe biblioteka i dagleg drift og gjere biblioteka og deira tilbod meir tilgjengeleg for innbyggjarane.

Biblioteksektoren i fylket har få ressursar, anten det er snakk om økonomi- eller personalressursar. Tal frå 2022 viser at biblioteka i Møre og Romsdal har høgast tal innbyggjarar per årsverk i landet, og at vi ligg nedst når det gjeld medie- og lønsutgifter per innbyggjar, og er dermed det fylket som bruker minst på bibliotek i landet. Som følge av revidert biblioteklov og ny bibliotekstrategi har både oppgåver og forventingar til biblioteka auka, utan at ressursane har auka tilsvarende.

Lenker til meir kunnskap:

[Undersøkelse desember 2022- Høg tillit til folkebiblioteka](#)

[Fagplan bibliotek 2017-2024](#)

[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#)

[Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023: Rom for demokrati og dannelses.](#)

- Korleis kan forvaltningsnivåa saman løfte bibliotekfeltet?
- Korleis kan biblioteka arbeide for meir synlege biblioteknester og såleis få meir ressursar?

Frivillig sektor mista mange under pandemien

Å delta i frivillig sektor er viktig for enkeltpersonar sin relasjon til samfunnet, men å delta har også store ringverknadar utover ein sjølv. Ein er med på å skape gode lokalsamfunn og gode møteplassar for andre, og ein er med på demokratibygging. Frivillig sektor har hatt store utfordringar dei siste åra, og pandemien var tøff for frivilligheita. Spesielt mange frivillige slutta i pandemien, og det har vore tungt å bygge opp att organisasjonar. Tal frå Frivillighet Norge viser likevel at deltakinga auka i Frivilligetsåret 2022, og at medlemsorganisasjonane til Frivillighet Norge rapporterer om ei auke på 12 prosent i medlemstala frå 2021 til 2022.

Frivillig sektor er også ein viktig integreringsarena. Innvandrarar deltek i mindre grad i frivillig arbeid enn resten av befolkninga. Ein rapport frå Senter for forsking på sivilsamfunn og frivillig sektor frå 2022, viser at ulike innvandrargrupper har ulik oppleving av frivillighet i heimlandet, og at føresetnadane deira for deltaking i det norske sivilsamfunnet er svært ulik. Å legge til rette for at fleire kan delta på sine premiss, og med sine føresetnadar vil vere viktig for utviklinga av frivillig sektor framover.

Lenker til meir kunnskap:

[Medlemsundersøkelse i Frivillighet Norge: Deltakelsen økte i Frivillighetens år](#)

[Innvanderperspektiv på sivilsamfunnsdeltakelse](#)

- Korleis kan min kommune samarbeide enda meir med frivilligheita?
- Korleis kan min organisasjon arbeide meir aktivt for integrering av grupper som ikkje deltek?

8. Demokrati og medverknad

Kvinner, unge og eldre er underrepresentert i kommunestyra

Valet i 2019 gav ein samla kvinnedel i kommunestyra på 36,4 prosent, ein nedgang på 1,6 prosentpoeng frå valet i 2015. Det er lågast i landet. Samla sett ligg kommunane i Møre og Romsdal også noko under landsgjennomsnittet i del unge mellom 18 til 29 år i kommunestyra. Gruppa 60 år og eldre utgjer om lag 34 prosent av dei røysteføre i Møre og Romsdal. I kommunestyra i fylket utgjer denne gruppa til saman 22,8 prosent av representantane.

Lenker til meir kunnskap:


KS (2023): Status kommune 2022 [«Der folk bor»](#), om demokratisk deltaking s. 50-60

Møre og Romsdal fylkeskommune (2022) Fylkesstatistikk; [Representasjon i kommunestyra](#)

- Kva kan fylkeskommunen og kommunane gjere for å legge betre til rette for at unge og kvinner kan ta politiske verv?

Låg valdeltaking blant unge menn

Valdeltakinga i Møre og Romsdal har vore nokså stabil dei fire førra kommune- og fylkestingsvala, men ved valet i 2019 var det ei klar forbetring i form av høgare valdeltaking. Da deltok 63,0 prosent i kommunevalet og 57,4 prosent i fylkestingsvalet. Fylket ligg framleis litt under landsgjennomsnittet for deltaking i val, som er 64,7 prosent i kommunestyreval og 60,5 prosent for fylkestingsval i 2019. Det er særleg blant dei yngste veljarane at deltakinga er lågare i Møre og Romsdal. Blant menn mellom 20 og 24 år deltok berre 36 prosent i kommunevalet. For kvinner i same alder var valdeltakinga 48 prosent.



Figur 8.1: Deltaking i kommunevalet 2019

Lenker til meir kunnskap:

Møre og Romsdal fylkeskommune (2021) Fylkesstatistikk; [Valdeltaking](#)

SSB (2022): [Velgerundersøkelsen 2019](#)

SSB (2022): [«Frivillighet, politisk deltagelse og tillit, levekårsundersøkelsen»](#)

- Korleis kan vi få opp valdeltaking hos unge generelt, og hos gutar spesielt?
- Kva kan fylkeskommunen og kommunane gjere for å få fleire innvandrarar til å nytte røysteretten?

Svært varierande rammevilkår for kommunale medverknadsorgan

Nær halvparten av medlemmane i dei kommunale medverknadsorgana for eldre, funksjonshemma og ungdom opplever at dei har ganske liten påverknad på sakene dei behandler. Kartleggingar i fylket i 2017 og 2021 viser at rammevilkåra ikkje er forbetra, men heller forverra dei siste åra. Det er jamt over sett av lite ressursar til råda og mange får ikkje opplæring.

Lenker til meir kunnskap:

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

Doga (2023) [Nettside om medvirkning](#)

KS (2023): [Nettside om innbyggermedvirkning](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune (2021): Rammevilkår for kommunale medverknadsorgan i Møre og Romsdal (eigen rapport for barn og unge, eldre og personar med nedsett funksjonsevne): Under [Kunnskapsgrunnlag](#) på www.mrfylke.no
Ungdommens fylkesting (2022): [«Ung stemme»](#) Ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal.

- Korleis kan fylkeskommunen og kommunane legge til rette for at innbyggjarar, brukarar og samarbeidspartnarar kan komme med innspel til tenesteutvikling eller samfunnsutvikling i Møre og Romsdal?

Hets og truslar mot folkevalde utfordrar demokratiet

Internett og sosiale media gir moglegheiter for deltaking i demokratiet. Men det gir også moglegheit for spreiling av usann informasjon og falske nyheter på ein helt anna måte enn tidlegare. Vi veit det blir gjort aktive forsøk på å spreie desinformasjon i den offentlege debatten. Det kan også gi grobotn for hets og truslar mot lokale folkevalde. Dette hemmar den politiske diskusjonen og gjer det vanskelegare å få folk til å ta på seg politiske verv.

Lenker til meir kunnskap:

KDD (2023) Nettside om korleis førebygge og handtere hatefulle ytringar, hets og truslar mot politikarar og kandidatar: <https://www.hatogtrusler.no/>

- Kva kan administrasjonen i fylkeskommunen og kommunane gjere for at politikarar og kandidatar kan bli betre førebudd på kva dei skal gjere om dei blir utsett for hets eller truslar?
- Kva kan politikarane gjere for å fremme ein god debattkultur, på og utanfor internett?

Lågare tillit til demokratiske institusjonar

Folks tillit til myndighetene og kvarandre blir ofte brukt som ein indikasjon på kor godt eit demokrati fungerer. Fleire undersøkingar tydar på at tilliten til politiske institusjonar har gått ned det siste tiåret. Resultata frå SSB sin levekårsundersøking i 2021 viser at innbyggjarane i Møre og Romsdal har litt lågare tillit til kommunestyret enn elles i landet. 46 prosent av innbyggjarane her har høg tillit til kommunestyret, mot eit landsgjennomsnitt på 51 prosent.


Lenker til meir kunnskap:

KS (2023): [«Valgløftet 2023»](#). Vedtatt på Kommunalpolitisk toppmøte 15.03.2023.

KS (2023): Status kommune 2022 «[Der folk bor](#)», om tillit i samfunnet s. 62–68

Respons Analyse (2022) [Tillitsbarometeret](#)

- Kva kan fylkeskommunen og kommunane gjere for at innbyggjarane skal ha tillit til at tilsette og politikarar løyser oppgåvane sine på ein god måte?
- Korleis skal fylkeskommunen og kommunane jobbe med mot antikorrasjon korrasjon og uetisk åtferd?



Figur 8.2: Tillit i Noreg og Møre og Romsdal

Kjelde: SSB

Elev/lærlingar ønsker å medverke i større grad

Opplæringa skal bygge demokratiforståing og ei oppleving av medborgarskap. Elevar og lærlingar skal oppleve å bli lytta til og ha reell medverknad i avgjerder som omhandlar dei. Medverknad skal skje i dialog mellom elev og lærar, lærling og instruktør, og gjennom råd og utval. Elevar og læringsaktivitetar, vurderingspraksis, trivselstiltak og gjennomføring av brukarundersøkingar.

På spørsmål om elevdemokrati og medverknad i Elevundersøkinga i 2022 skårar Møre og Romsdal lågare på vg3 enn landssnittet, på vg1 og vg2 er vi på landssnittet.

Ungdommens fylkesting i Møre og Romsdal meiner at elevane i fylket ikkje får vere med å medverke i skolekvardagen sin i stor nok grad.

Skoleval er en del av demokratiopplæringa i skolen. Her kan elevane delta aktivt i politiske diskusjonar, få kunnskap om ulike politiske retningar og sjølv avgjera stemme. Tal frå valet i 2021 viser at det var stor oppslutning blant skolane i Møre og Romsdal. Det var ca. 6 800 avgjorte stemmer, noko som utgjer ei valdeltaking på 68,4 prosent, 0,4 prosent under landsgjennomsnittet.

Lenker til meir kunnskap:

[Elevundersøkinga 2022](#)

[UNG stemme - Ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal](#)

[Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2022-2026](#)

- Korleis organisere skolen slik at elevane systematisk blir høyrde i alle saker som vedkjem dei, slik at elevane får reell medverknad?
- Korleis vil ny opplæringslov sikre retten til å medverke?

9. Tannhelse

Auke i tal eldre som treng omfattande behandling

Nasjonale kvalitetsindikatorar viser at sjølv om 12-, 15- og 18-åringane i fylket har god tannhelse, ligg vi framleis under landsgjennomsnittet for desse årskulla.

Alderssamsetninga i befolkninga endrar seg, og fleire eldre menneske med kroniske sjukdommar beheld eigne tenner som krev meir omfattande behandling. Dette gir prioriteringsutfordringar og stiller krav til auka effektivitet og kapasitet i tannhelsetenesta. Omstilling og ny teknologi må takast i bruk.

Demografi og tilgjengelegheit blir nøkkelfaktorar i innretninga av tannhelsetilbodet dei kommande åra. Befolkninga si samansetning og helseutfordringar blir endra, med færre unge personar og auke i tal eldre som treng tannbehandling. Dette vil påverke behovet for tradisjonell reparativ tannbehandling og pasientar med spesielle behov, og dermed samansetninga av tannhelsepersonell. Mål for dekningsgrad for dei ulike pasientgruppene bør justerast i løpet av perioden.

Det regjeringsoppnemnde tannhelseutvalet skal føreta ein heilsakleg gjennomgang av heile tannhelsefeltet, herunder organisering, finansiering og lovverk inkludert regulering og pasientrettar. Innstillinga kjem medio 2024 og vil legge premissar for fylkeskommunens arbeid med ny fylkesstrategi for tannhelse.

Lenker til meir kunnskap:

[Meld. St. 38 \(2020 – 2021\) Nyte, ressurs og alvorlighet](#)

[Tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år](#)

[God klinisk praksis i tannhelsetjenesten](#)

[Tannhelseutvalet](#)

[Regional delplan tannhelse](#)

- Korleis vri ressursbruken frå behandling av barn og unge til eldre, uføre og pleietrengande pasientar?

- Korleis bidra til å redusere dei geografiske skilnadene i innbyggjarane sin tilgang til tannhelsetenester?

Behov for betre førebygging og samhandling

Etter tannhelsetenestelova skal helsefremmande og førebyggande arbeid prioriterast framfor behandling. Målet er at flest mogleg skal vere i stand til å ta var på si eiga orale helse. Sentrale helsepolitiske strategiar framhevar behovet for betre koordinerte helsetenester og vektlegg samhandling på tvers av forvaltningsnivå for å skape betre ressursutnytting, kunnskapsdeling og kompetansebygging. Dette krev nye styringslogikkar, nye arbeidsformer og innovativ tilnærming til tenesteutvikling i helsesektoren.

Den neste tiårs-perioden vil den mest ressurskrevjande pasientgruppa, eldre institusjonspasientar og pleietrengande heimebuande auke med om lag 30 prosent. For å møte denne utfordringa blir det behov for å nytte ambulante tannhelseteam og mobile behandlingseininger for å utføre tannhelsetenester på helseinstitusjonar. Denne modellen føreset eit forpliktande samarbeid med kommunane om tilgang på behandlingsrom på institusjonane.

Lenker til meir kunnskap:

[Ny Meld. St 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskellar](#)

[Strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeidet i den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal 2021-2030](#)

- Korleis sikre tenesteutvikling i kollektive læringsprosessar og «praksisfellesskap» gjennom samhandling med eksterne samarbeidspartar?
- Korleis sikre ressurstilgangen for førebygging og oppfølging av utsette grupper med langvarige helseutfordringar og/eller habiliteringsbehov?
- Korleis sikre tiltak som kan bidra til å redusere sosiale forskellar i befolkninga si orale helse og bruk av tannhelsetenester?

Kamp om tannhelsepersonell

Omstettingsprosjektet «Omstilling 2020» i tannhelsetenesta har gitt ein fullfinansiert tenestestruktur som føresetnad for rekrutterande og stabile fagmiljø. Samstundes er rammeføresetnadene for å rekruttere og halde på tannhelsepersonell i endring, med stor konkurranse om tannhelsepersonell og generasjonsskifte. Fleire behandlerstillingar i fylket står ledige, og vi opplever høg turnover og mobilitet i stillingane. Parallelt har det fylkeskommunale tannhelsetilbodet sidan 1.1.2021 blitt utvida til å gjelde aldersgruppa 21-24 år. I Møre og Romsdal utgjer dette potensielt 14 000 nye pasientar.

Det vil bli avgjerande for behandlingskvalitet og pasienttryggleik at vi greier å rekruttere og halde på kompetanse som fangar opp den odontologiske og teknologiske utviklinga, og som legg til rette for nye måtar å jobbe på.

Lenker til meir kunnskap:

[NOU 2023:4 – Tid for handling](#) (Helsepersonellkommisjonen si utgreiing)

- Korleis greie å rekruttere til stabilitet i ein marknad med stadig større konkurranse om arbeidskrafta?
- Korleis prioritere mellom pasientgrupper i ein situasjon med mangel på tannhelsepersonell?

ØKONOMISK DIMENSJON



10. Verdiskaping, innovasjon og teknologi

Utfordringar for dei dominante næringane

Eit meir kunnskapsbasert og innovativt arbeids- og næringsliv er eit sentralt mål i nasjonal kunnskaps- og næringspolitikk. Det vil krevje velfungerande regionale innovasjonssystem med samspel og kunnskapsflyt mellom næringar, forskings- og utdanningsmiljø, samt offentlege myndigheter og verkemiddelaktørar.

Møre og Romsdal er landets største industrifylke målt etter industriarbeidsplassar per sysselsett. Ved inngangen til 2021 utgjorde desse 14,8 prosent av sysselsette i Møre og Romsdal. Landsgjennomsnittet er på 7,7 prosent. Møre og Romsdal er i tillegg det største eksportfylket i landet, målt i eksportverdi per sysselsett.

Meir konkret er næringslivet dominert av naturgitte og kompetansemessige fortrinn knytt til moglegheitene i havrommet. Fiskeri, havbruk og petroleumsnæring har vore dei dominante næringane, men landbruk, turisme, møbel, handel, finans og transport har også bidrige til verdiskaping og vekst i regionen. Felles for alle næringane er utfordringane knytt til å få ned klimagassutsleppa og miljøbelastningane gjennom eit grønt skifte.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for forsking og innovasjon 2021 – 2024](#)

Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

[Fylkesstrategi for landbruk med kunnskapsgrunnlag](#)

[Økonomisk analyse av reiselivet i Møre og Romsdal.pdf](#)

- Korleis skal kunnskapsflyten og samarbeidet i dei regionale innovasjonssystema bli enno betre?
- Korleis skal vi sikre tilgang på og bruk av riktig og god nok kunnskap som kan gi innovasjon og nyskaping?

Behov for betre vilkår for entreprenørskap

I ein region med demografisk utfordringar er det ei erkjenning at det er viktig og ta i bruk heile befolkninga sin kreativitet og skaparkraft for at vi skal auke verdiskapinga i samfunnet og livskvaliteten til den enkelte. Entreprenørskapskompetanse er heilt avgjerande for å kunne lykkas med dette og ein viktig ingrediens når ein skal evne å få fart på det grøne skiftet.

Ei utfordring i utdanningssystemet er å utarbeide arbeidsformer som gjer elevane og studentane i stand til å omsette idéar til moglegheiter, jobbe tverrfagleg og ha kontakt med lokalt næringsliv. Det vekker nysgjerrigkeit, motivasjon og lærelyst hos mange elevar.

Ei stor oppgåve for innovasjonsmiljøa er å medverke til kopling og erfaringsdeling mellom bedrifter, og få raskare vekst og utvikling. hoppid.no er ei innarbeidd og etablert merkevare for etablerarhjelp. I tillegg er innovasjonsmiljøa i Møre og Romsdal ein del av ein nasjonal infrastruktur (SIVA) der bedrifter får tilgang kompetanse, nettverk, partnarar og fasilitetar.

Lenker til meir kunnskap:

[Veikart for grønt industriløft](#)

[NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn](#)

- Korleis skal barn, unge og vaksne bli betre kvalifisert til å ta del i nyskaping i framtidssamfunnet?
- Korleis kan store og etablerte bedrifter og nytt næringsliv samarbeide for å bygge konkurransedyktig berekraft inn i den grøne skiftet på ein rask måte?

Vi treng meir kunnskap og innovasjon

Forsking og innovasjon er viktig for å auke innovasjonsevna og verdiskapinga i fylket, og særleg innan maritime og marine næringar, landbruk og turisme som er dei viktigaste. Men også offentleg sektor står overfor store utfordringar gjennom ei aldrande befolkning og færre hender til å utføre teneste på dagens nivå. I Møre og Romsdal er det særleg behov for meir kunnskap og innovasjon knytt til å:

- utvikle nye og innovative teknologiar som gir auka konkurranseevne og produktivitet.
- utvikle og realisere berekraftige løysingar særleg innan energiproduksjon, maritim transport, matproduksjon og anna næringsverksemd, samt stimulere til sirkulærøkonomi og auka foredling av restråstoff.
- utdanne, tiltrekka og halda på kompetansearbeidarar i regionen.
- forbetra samarbeidet mellom næringsliv, forskingsinstitusjonar og offentlege sektor for å stimulere til innovasjon.
- utvikle og nytte ny teknologi for å betre helse og velferd for innbyggjarane.

Med gode rammevilkår og tilrettelegging av samarbeid mellom ulike aktørar har Møre og Romsdal eit stort potensial for å skape nye og berekraftige løysingar som kan gi til vekst i verdiskapinga i regionen.

Lenker til meir kunnskap:

[Forsking, utvikling og innovasjon \(mrfylke.no\)](http://Forsking, utvikling og innovasjon (mrfylke.no))

- Korleis auke innovasjonstakta i næringslivet og i kommunesektoren i Møre og Romsdal?

- Korleis bygge kunnskap og kapasitet som bidreg til å løyse dei store samfunnsutfordringane?

Konkurransekraft med berekraftige løysingar

Berekraftige løysingar er heilt grunnleggande for korleis vi innrettar samfunnet og verksemndene framover. Parisavtalen krev 50 prosent reduksjon i klimagassutsleppa innan 2030, og EU sin Green Deal, med mål om klimanøytralitet innan 2050, legg sterke føringar på samfunnsutviklinga.

For industrien betyr det at konkurransekrafa må skapast med grøne løysingar. Grøn omstilling, sirkulærøkonomi og fornybar energi i kombinasjon med smart teknologi blir sentralt. Utvikling og kommersialisering av nye løysingar treng FoU, kapital og offentleg involvering for å lykkast.

Omstillingsprogrammet «Skaparkraft» skal stimulere nye berekraftige næringar med eksportpotensial. Her er det starta prosjekt som m.a. går på verdikjedeutvikling innan aluminium, maritim og havvind, utvikling av testinfrastruktur for teknologi, skallering og eksport, utgreiingar og prosjekt på fornybar energi og etter- og vidareutdanning.

BA-næringa (bygg, anlegg og eigedom) treng og kraftig omstilling. Det er behov for støtte til digitalisering av små bedrifter gjennom offentlege innovative anskaffingar og sterkare satsing på FoU. Det er også behov for å utvikle nye materialar og verdikjedar.

Lenker til meir kunnskap:

[Skaparkraft – 10 årig eksportsatsing](#)

[Sintef 2020 – Framsikt 2050: Hvordan kan BAE-næringen ruste seg for framtida](#)

- Kan innovative innkjøp bidra til grøne industrielle løft?
- Kan eksporten frå Møre og Romsdal auke samstundes som berekraftmåla blir ivaretatt?

Investeringar i teknologiutvikling og digitalisering må aukast

Bruk av meir smart teknologi i produksjonsprosessar og styringssystem vil truleg utgjere ein av dei viktigaste utfordringane og endringane over dei neste tiåra. På den måten kan bedrifter og offentlege verksemder lukkast med å fornye produksjon og produkt, auke produktiviteten, redusere kostnadane og raskare nå ut til kundar og brukarar. I fleire samanhengar kan teknologi og nye løysingar nyttast på tvers av fag, bransjar og sektorar. Kunnskap frå data som blir produsert og samla inn vil i seg sjølv kunne gi grunnlag for nye og forbetra produkt og tenester, og kan også gi nye forretningsmoglegheiter.

Måten vi organiserer verksemdene og driv forretning på må framover bli tilpassa endringane i teknologi og marknader. Det vil vere behov for å endre fokus, frå berre å levere produkt, til å yte tenester i eit produkt sitt livsløp. Digital teknologi og kommunikasjonsverktøy vil gi nye moglegheiter for å nå ut til kunder og brukarar. Samstundes reiser digitaliseringa nye utfordringar knytt til korleis ein skal organisere og leie verksemder, kommunisere og samarbeide med andre. Skal Møre og Romsdal nå måla om berekraft, innovasjon og eksport, er teknologiutvikling og digitalisering blant dei viktigaste områdane det må leggast til rette for og investerast i.

Lenker til meir kunnskap:

[Skaparkraft – 10 årig eksportsatsing](#)

- Korleis kan det bli lagt til rette for enno større grad av digitalisering i kommunar og næringsliv?
- Korleis kan fylkeskommunen bli eit føredøme på innovasjon/digitalisering i offentleg sektor?

Eksporten treng gode internasjonale nettverk

Mens 2020 var et svakt år for fastlandseksporen på grunn av pandemi og lukking av eksportmarknader, auka fastlandseksporen med 22 prosent i 2021 – og med 25 prosent i Kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028

2022 – som følgje av høge prisar, sterk dollar og økt produksjon i energi og sal av sjømat. Skyhøge gassprisar har satt nye rekordar; med inntekter frå naturgass, olje og fisk. Handelsoverskotet for desse næringane var på 1 574 milliardar kroner (SSB). Importen av jordbruksvarer er nesten tredobla sidan år 2000. Sjølvforsyningssgraden på mat er på berre 40 prosent og denne nedgangen bør bli stoppa.

Regionen si internasjonale orientering er viktig for vidare vekst. For å lykkast internasjonalt, må bedriftene vere del av eit økosystem som utviklar konkurranseevna saman. Gode internasjonale nettverk i alle ledd mellom bedrifter og leverandørar er nødvendig. Ein treng også tilgang til miljø i den internasjonale forskingsfronten, og offentlege verkemiddel som mobiliserer og legg til rette for internasjonalisering og eksport. Dei regionale FoU-miljøa er viktige som koplarar til slik kunnskap gjennom nettverka deira og vil ha stor nytte av partnarskap med miljø frå andre land, for å utvikle og dele kunnskap i sine fagområde.

Lenker til meir kunnskap:

[Ny eksportstrategi nfra regjeringen – 2022](#)

[Næringsstrategi for Vestlandet 2021](#)

- Korleis kan næringsstrategien for Vestlandet medverke til å løfte store grøne industrielle prosjekt med mål om auka eksport?
- Korleis kan fylkeskommunen samarbeide nasjonalt og internasjonalt om eksport?

Fylket treng auka tilgang til energi

Dei norske klimamåla og det grøne skiftet forutsett ein rask overgang frå fossil til fornybar energi i Norge. I all hovudsak gjennom å erstatte fossil energi innanlands med strøm. Kraftoverskotet vi har i Norge i dag vil derfor raskt gå mot kraftunderskot, med dertil høgare kraftprisar og mogleg rasjonering. Statnett sine prognosar tilseier at vi allereie i 2027 vil ha eit samle kraftunderskot på 2 TWh i Norge og det er aukande.

Møre og Romsdal har underdekning av elektrisk kraft og vil om få år importere over 50% av kraftbehovet for å dekke opp auka kraftbehov i regionen. Møre og Romsdal er eit fylke med stor del kraftintensiv industri som bruker nær 70 % av krafta til eksportretta industri. Statnett har nå bestillingar på kraftlinjeutbygging i Norge på mellom 60–100 mrd kr innan 2030 for å dekke opp forventning om auka krafttak. I Midt-Norge er det bestillingar inne til Statnett som representerer 5000 MW ny effekt, og samtidig er det berre meldt inn 300 MW i auke kraftproduksjon over same periode. Dette er bekymringsfullt.

All energieffektivisering og ny elektrisitetsproduksjon frå fornybare kjelder i Møre og Romsdal vil bidra positivt til energibalansen, det auka effektbehovet og utfordringane med nettkapasitet.

Lenker til meir kunnskap:

[NOU 2023:3 – Mer av alt raskere](#)

- Korleis bidrar fylkeskommunen til å auke tempoet på ny kraftutbygging?
- Korleis bidrar fylkeskommunen til å effektivisere bruken av energi og frigjere kraft til andre formål?

Sjå om energi også under kap. 1 MILJØ, KLIMA OG ENERGI – Stor auke i behovet for energi og nettkapasitet.

Seriøsiteten i arbeidslivet blir utfordra

Arbeidet for eit seriøst arbeidsliv og kampen mot arbeidslivskriminalitet er noko som får stadig større merksemd i Noreg. Økokrim si trusselvurdering i 2021 viste mellom anna at organiserte kriminelle i aukande grad infiltrerer det lovlege næringslivet for å maksimere økonomisk profitt. Det blir lagt mykje arbeid i å legge til rette for og fremme eit seriøst arbeidsliv, både frå regjeringa, partane i arbeidslivet, offentlege oppdragsgivrarar og dei seriøse aktørane i marknaden.

Eit seriøst arbeidsliv inneber at arbeidslivet legg lov- og forskriftsverk til grunn, lojalt følgjer opp avtalane partane i arbeidslivet har inngått, legg vekt på bruk av faglærd arbeidskraft og lærlingar, og arbeider for eit trygt og godt arbeidsliv. Det er viktig å unngå sosial dumping, arbeidslivskriminalitet, og viktig med riktig kompetanse for å få god nok kvalitet på arbeidet. Det offentlege er ein stor innkjøpar av tenester, og mange er i arbeid for offentleg sektor direkte eller indirekte. Møre og Romsdal har og eit næringsliv med hovudvekt på mellom anna marin sektor, verft, møbel og reiseliv, og er avhengig av arbeidskraft som ikkje er lokal. Dette stiller ytterlegare krav til at arbeidsgjevarar og oppdragsgjevarar i fylket har søkelys på at arbeidslivet skal vere seriøst.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for seriøst arbeidsliv 2022 - 2026](#)

- Kva kan stor grad av sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og bruk av feil kompetanse føre til i samfunnet?
- Kven har det største ansvaret for å sjå til at arbeidslivet er seriøst?

11. Mobilitet

Stort forfall på veginfrastrukturen

Det er forventa lågare befolkningsvekst i landet som heilheit enn tidlegare, det blir endringar og grøn omstilling i næringslivet, og nye teknologiar. Dette gjer at auken i transportetterspørselen framover er forventa å vere lågare enn tidlegare , men biletet er usikkert. Reisemiddelfordelinga er forventa å endre seg noko mot ein liten auke i personbildelen på lange reiser, på bekostning av kollektivtrafikken. Ei felles utfordring for alle transportformer er at heile transport-infrastrukturen, energitilgangen og regulatoriske høve må bli tilpassa dei ulike null og lågutsleppsløysingane. Utfordringane i heile vegnettet i fylket er lang reisetid med mange ferjestrekningar, därleg kvalitet på deler av vegnettet, skred- og flaumutfordringar, og lange omkjøringsvegar. Grunnlagsdokumenta til ny NTP peikar på mindre økonomisk handlingsrom og større fokus på klima og miljø, som vil gi effektivisering av dagens infrastruktur, og mindre investeringar i store nye utbyggingar. Teknologimoglegheiter blir peikt på som viktig i heile transportsektoren, men at det der og legg store moglegheiter for feilinvesteringar. I Møre og Romsdal er det eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet. Ei ny kartlegging i 2023 viser at det vil koste om lag 16,8 mrd. kr. å fjerne etterslepet og oppgradere vegnettet til tilfredsstillande standard.

Lenker til meir kunnskap:

[T-49/22 investeringsprogram for fylkesvegar for 2023-2031](#)

[Sak SA-38/21 Utviklingstrekk i samferdselssektoren 2022-2025](#)

[Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)

[Utfordringar i transportkorridorar og byområder - Nasjonal transportplan 2025 - 2036](#)

- Korleis skal vi klare å ta vare på eksisterande vegnett og hindre eskalerande forfall?
- Kva bør bli prioritert – vedlikehald eller nye, store veginvesteringar?

Kollektivtransporten taper mot privatbilen

I 2023 er status at ferjetrafikken er tilbake til normalen samanlikna med 2019 før koronapandemien. Bussreiser har auka noko, medan reisande med hurtigbåt er noko svakare enn i 2019 før pandemien.

For å få fleire til å reise kollektivt, få til ein lågare transportvekst og lågare klimagassutslepp, er det naudsynt å styrke kollektivtransporten si konkurransekraft samanlikna med bilen. Då må verkemiddel nyttast som får fleire til å la bilen stå. Kollektivmarknaden er i rask utvikling med omsyn til økonomi, kundeåtferd og teknologi. Fleire private aktørar går aktivt inn i mobilitetsmarknaden. Dei tilbyr deleordningar innan bil og sykkel, sjølvkøyrande buss og nye meir fleksible billetteringsløysingar/ digitale plattformer. I lys av dette er det viktig at FRAM avklarar si rolle og tilbyr attraktive produkt. For å treffe kundane sine behov, er det behov for å i større grad teste ut ulike konsept. Utfordringa er likevel at økonomien strammar seg til, og har ført til stor kostnadsauke for kollektivdrifta. Fylkeskommunen har derfor analysert moglegheita for kutt i ferje-, båt- og busstilbodet i 2023. Dette skal behandlast politisk våren 2023. Med kutt i kollektivtilbodet vil utviklinga gå i feil retning. Opp- og nedkjøp i kontraktar kan gi auka risikoprising i nye kontraktar i perioden 2025 – 2037. Ei anna utfordring vil kunne bli personellmangel innanfor kollektivdrifta akkurat som i andre bransjar.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)

[Kunnskapsgrunnlag Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024](#)

[Framtidens kollektivtrafikk i Norge 2025](#)

- Korleis klare å prioritere kollektivtilbodet når prisane aukar og økonomien blir strammare?
- Korleis påverkar elbilar trafikkmönsteret og transportomfanget?

For lite gods går på sjø og bane

Det meste av godstransport går på veg eller i lufta. Ser ein på transportkorridoren som knyter Møre og Romsdal saman med Oslo og Trondheim vert om lag 80 prosent av den totale tonnmengda frakta med lastebil. Langs vestlandskysten er potensialet for frakt av meir gods på sjø større enn kva som vert utnytta i dag, med mange hamner nær viktig industri. For sjøtransporten er likevel fleire strekningar utsett for hardt vær. Det kan til tider bety auka ventetid for sjøtransporten, lengre transporttid og auka bruk av drivstoff, som både påfører miljø og næringsliv ekstra kostnader.

Møre og Romsdal si einaste jernbanestrekning er Raumabanen, som bind godsknutepunktet Åndalsnes saman med resten av landet via Dovrebanen. Framføringstida for godstog frå Åndalsnes til Alnabru terminal er lang infrastrukturen legg ikkje til rette for lange nok godstog på grunn av avgrensa kapasitet med få dobbelsporstrekningar og kryssingsspor. At Raumabana ikkje er elektrifisert inneber også at transportkostnadane blir høgare og at bana er eit mindre miljøvenleg alternativ. Dette hindrar overføring frå veg til bane.

Lenker til meir kunnskap:

[Nasjonal transportplan 2022 – 2033](#)

[Kunnskapsgrunnlag fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)


- Kva verkemiddel kan nyttast for å få meir gods over frå veg til sjø og bane i Møre og Romsdal? Kvifor er det viktig å lukkast med dette?
- Fylkesvegnettet har eit stort vedlikehaldsetterslep. Er tilstanden på vegnettet eit hinder eller ein fordel for næringslivet si overføring av gods frå veg til sjø og bane?

Færre trafikkulykker – men trenden flatar ut

Den langsiktige trenden er at talet på trafikkulykker i Møre og Romsdal går ned. Det er positivt, men ulykkesstatistikken flater ut, og det kan dermed bli vanskelegare å redusere

talet på trafikkulykker og halde fram den positive trenden. Ei anna utfordring er at flest alvorlege trafikkulykker skjer på fylkesveg: av totalt 33 drepne og hardt skadde i vegtrafikken i fylket i 2021 vart 23 drepne og hardt skadde på fylkesvegane. Det var fleire lettare skadde i Møre og Romsdal i 2021 enn i 2018, 2019 og 2020. Det viser viktigheita av å setje av tilstrekkeleg med midlar til drift, vedlikehald og investering på fylkesveg. Det er òg viktig at det vert sett av tilstrekkeleg med midlar til haldningsskapande trafikktryggingsarbeid.

Ulykkesstatistikk viser at tal for aldersgruppa over 45 år er stabil, medan dei andre aldersgruppene har ein fallande trend. Motorsyklistar står for ein liten del av utkøyrd distanse på vegnettet og talet på MC-ulykker er høgt. Ifølge Nasjonal transportplan 2022-2033 er det reelle talet på hardt skadde høgare enn offisiell statistikk viser. På bakgrunn av dette er det føreslått å registrere skader gjennom data frå helsetenesta for å få oversikt over omfanget.



Figur 11.1: Drepne, hardt skadde og lettare skadde i trafikkulykker i Møre og Romsdal 2005-2021. Kjelde: Fylkesstatistikken 2022.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstatistikken 2022](#)

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 - 2028

Trafikkulykker med personskade, SSB

- Korleis skal vi få talet på drepne, hardt skadde og lettare skadde ytterlegare ned i åra framover?
- Korleis kan vi unngå fleire ulykker der gåande og syklande er involvert når denne trafikantgruppa blir større?

Transportteknologi er nødvendig, men kostbart

Krav om låg- og nullutslepp i transportsektoren og forventningar om nye, enklare og smartare teknologiløysingar fører til auka kostnader. Dette gjeld særleg der teknologien er umoden, dyr, eller der miljøteknologien ikkje vert støtta av tilskot som NOX-fondet og Enova. For å lukkast framover, må det etablerast infrastruktur med energistasjonar og ladepunkt, og digital infrastruktur må vere godt nok utbygd. Manglar dette, blir det vanskeleg å utnytte ny teknologi, t.d. for køyretøy å kommunisere med kvarandre. Til dette er det stadig behov for meir kraft – kraft vi ikkje har i dag. Prosjektet Smartere transport i Norge, der Møre og Romsdal er med, ser nærmare på utfordringar og løysingar med ny teknologi.

Stadig fleire private aktørar i kollektivmarknaden gjer moglegheitene store, men gjer også samarbeid om informasjon, tilgang til transport for alle, og samarbeid i marknaden meir utfordrande, både i by og distrikt.

Lenker til meir kunnskap:

[Fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024](#)

[Kunnskapsgrunnlag fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)

- Korleis skal Møre og Romsdal få på plass lade- og digital infrastruktur for den nye transportframtida?
- Kva for utfordringar og kva for moglegheiter gir det med fleire private aktørar i kollektivmarknaden?

KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Kunnskapsgrunnlaget består av mykje meir enn dette dokumentet. Gjennom dokumentet ligg det lenker til mykje relevant kunnskap knytt til ulike fagområde. Her til slutt i dokumentet har vi samla dei mest relevante generelle dokumenta som utgjer det overordna kunnskapsgrunnlaget frå Møre og Romsdal fylkeskommune for Møre og Romsdal.

Lenker:

[Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal](#)

[Kommunestatistikk Møre og Romsdal](#)

[Oversikta over folkehelsa i Møre og Romsdal 2023](#)

[Berekraftfylket Møre og Romsdal – Berekraftprofil U4SSC KPI-rapport 2021](#)